

Askvoll kontrollutval

SEKOM-sekretariat

www.sekom.no | post@sekom.no

Møteinnkalling

Møtedato: 05.12.2014

Møtestad: Askvoll kommunehus, møterom 2. etg.

Møtetid: Kl. 9:30

Innkalling: Faste medlemar i utvalet, rådmannen i sakene 029, 030, 033 og 034/14, revisor i sakene 031-034/14.

Dersom du ikkje kan møte: Meld frå på e-post: arva@sekom.no

Audhild Ragni Vie Alme mobil: 971 70 064

Varamedlemar møter etter nærare innkalling.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
027/14	Godkjenning av innkalling og sakliste
028/14	Skriv og meldingar
029/14	Rådmannen informerer om Askvoll kommune sitt arbeid med elevane sitt psykososiale miljø
030/14	Rådmannen informerer om oppfølging av funna i forvaltningsrevisjonsrapporten om innkjøpsfunksjonen i Askvoll kommune
031/14	Prosjektplan for forvaltningsrevisjonsprosjekt - Kontroll av sjølvkostberekningar på VA-sektoren
032/14	Orientering om rekneskapsrevisjon for 2014
033/14	Prosjektrekneskap - Rehabilitering Askvoll kyrkje prosjektnr. 1623
034/14	Prosjektrekneskap - Bulandet vassverk prosjektnr. 2110
035/14	Oppfølgingsliste 5-2014
036/14	Eventuelt

Med helsing

Jorunn Ringstad
Leiar

SEKOM-sekretariat

Saksgang Askvoll kontrollutval	Møtedato 05.12.2014	Saksnr 027/14
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-	Arkivsaknr.: 14/331
---	----------------------	-------------------------------

Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedlegg:

Ingen vedlegg i saka.

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Innkalling og sakliste vert godkjent.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Askvoll kontrollutval	Møtedato 05.12.2014	Saksnr 028/14
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-033	Arkivsaknr.: 14/320
---	-------------------------	-------------------------------

Skriv og meldingar

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
19.11.2014	KOM-068/14: 2. tertialrapport 2014, handsama i kommunestyret 22.10.2014	891
19.11.2014	KOM-080/14 Tilstandsrapport i grunnskulen 2013-2014, handsama i kommunestyret 12.11.2014	892
19.11.2014	Tilstandsrapport for grunnskolen i Askvoll 2013-2014	893

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Skriv og meldingar vert teke til orientering.

SAKSGANG			
Styre, utval, m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv
Formannskapet	20.10.2014	132/14	HÅL
Kommunestyret	22.10.2014	068/14	HÅL

Saksbeh
Nina Haugstad

Arkivsaknr
11/467-14

Arkiv
K1-210

2. tertialrapport 2014 med budsjettendring med budsjettendring

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Askvoll kommunestyre tek 2 tertialrapport til vitande og det blir føreteke fylgjande budsjettendring:

- Barnevern redusert kr. 300 000,-
- Helse og omsorg auka kr. 800 000,-
- Reduksjon skatt kr. 800 000,-
- Redusere nedbetaling av underskot kr. 1 174 068,-
- Redusere budsjettert avsetning til disposisjonsfond kr. 125 932,-

Dette gir fylgjande nye rammer for budsjett 2014:

Rådmann	11 983 584
Askvoll sokn	3 397 000
Oppvekst	60 067 554
NAV	4 430 645
Barnevern	3 552 755
Helse og omsorg	73 772 957
Landbruk	1 853 343
Teknisk drift	5 997 013
Bygge og eigedomsavd	997 217
Finansielle føremål	-166 052 068

20.10.2014 FORMANNSKAPET

Røysting – samrøystes:

Formannskapet er samd i rådmannen si tilråding med følgjande tilleggspunkt:

Plan for inndekning av underskot:

År	Sum
2014	2 633 932
2015	1 856 767
2016	1 856 767
Sum totalt	6 347 466

FOR-132/14 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Kommunestyret godkjenner rådmannen sitt framlegg til vedtak med følgjande tilleggspunkt:

Plan for inndekning av underskot:

År	Sum
2014	2 633 932
2015	1 856 767
2016	1 856 767
Sum totalt	6 347 466

22.10.2014 KOMMUNESTYRET

Røysting – samrøystes:

Formannskapet si tilråding vart vedteken

KOM-068/14 VEDTAK:

Askvoll kommunestyre tek 2 tertialrapport til vitande og det blir føreteke fylgjande budsjettendring:

- Barnevern redusert kr. 300 000,-
- Helse og omsorg auka kr. 800 000,-
- Reduksjon skatt kr. 800 000,-
- Redusere nedbetaling av underskot kr. 1 174 068,-
- Redusere budsjettert avsetning til disposisjonsfond kr. 125 932,-

Dette gir fylgjande nye rammer for budsjett 2014:

Rådmann	11 983 584
Askvoll sokn	3 397 000
Oppvekst	60 067 554
NAV	4 430 645
Barnevern	3 552 755
Helse og omsorg	73 772 957
Landbruk	1 853 343
Teknisk drift	5 997 013
Bygge og eigedomsavd	997 217
Finansielle føremål	-166 052 068

Plan for inndekning av underskot:

År	Sum
2014	2 633 932
2015	1 856 767
2016	1 856 767
Sum totalt	6 347 466

Kva saka gjeld:

2 tertialrapport og budsjettendring.

Saksutgreiing:

Med heimel i Kommunelova § 46 og Forskrift om årsbudsjett for kommunar mv., legg rådmannen fram rapport for første tertial i 2014

I forskrifta heiter det:

§ 10. Budsjettstyring

Administrasjonssjefen, eventuelt kommune- eller fylkesrådet, skal gjennom budsjettåret legge fram rapporter for kommunestyret eller fylkestinget som viser utviklingen i inntekter og innbetalinger og utgifter og utbetalinger i henhold til det vedtatte årsbudsjett. Dersom administrasjonssjefen eller kommune- eller fylkesrådet finner rimelig grunn til å anta at det kan oppstå nevneverdige avvik i forhold til vedtatt eller regulert årsbudsjett, skal det i rapportene til kommunestyret eller fylkestinget foreslås nødvendige tiltak.

Tertialrapporten viser at Askvoll kommune, dersom utviklinga held fram, vil komme ut med eit meirforbruk på 2,2 mill i forhold til budsjettendring etter 1. tertial.

Helse og omsorg

Meirforbruk her skyldast hovudsakleg ekstrarekning på somatiske pasientar på i overkant av 500 000,- og mogeleg utgifter på kr. 400 000,- for brukar i anna kommune. Helse og omsorg sitt budsjett vart i 1. tertial redusert med kr 800 000.

Barnevern

Mindreforbruk som fylgje av vakanse i ein stilling og feilbudsjettert refusjon.

Finansielle føremål

Redusert inntekt som skyldast for høg budsjettert skatteinngang og nye skatteprognoser etter framlagt statsbudsjett.

Dei andre etatane melder at dei vil kunne halde seg innafør revidert budsjett.

Tilråding:

Etter at rådmannen vart orientert om stoda, vart det 3. oktober innført innkjøpsstopp og vakanse i stillingar. Rådmannen tilrår at barnevern får redusert ramma med kr. 300 000,- og at Helse og omsorg får tilført kr. 800 000,- tilsvarende det dei vart redusert etter 1. tertial. Som fylgje av desse endringane og redusert skatteinntekt vert prognosen for inndekning av underskot redusert med 1 174 068. Budsjettert avsetning til disposisjonsfond blir stroke.

Økonomisk rapportering pr. 31.08.14 – 2. Tertial

Samla vurdering av kommunen

Avvik pr. etat:

Rådmann		0
Oppveksetaten		0
NAV		0
Interkommunalt barnevern	Til gode	-300 000
Helse og omsorg	Behov for midlar	2 000 000
Landbruksforvaltninga		0
Teknisk drift		0
Bygg og eigendom		0
Finansielle føremål	Behov for midlar	800 000
TOTALT	Behov for midlar	2 500 000

Tabellen over viser totale avvik/behov for midlar pr. etat. framskrive til 31.12.14 dersom utviklinga held fram.

Dei einskilte einingane sin rapport:

Rådmann

REKNESKAPSRAPPORT PR. 31.08.14.

Samla vurdering:

Rekneskapet på ansvar 100 syner eit overforbruk på fellesutgifter og IKT.

I fleire budsjetterte investeringsprosjekt blir det brukt eigne personalressursar, og gjennom desse tiltak er ansvar 100 sitt budsjett venta i balanse i løpet av året.

.....

Løn pr. 31.08.14:

	Budsjett 2014	Budsjett pr. 31.08.14	Rekneskap pr. 31.08.14	Avvik	% forbruk av total
Brutto løn	9 504 049	6 030 572	6 233 583	-203 011	65,59
Refusjonar	0	0	-127 413	127 413	
Netto løn	9 504 049	6 030 572	6 106 170	-75 598	64,25

Kommentar til løn:

Tabellen viser eit overforbruk på løn på **kr. 75.598,-** pr. 31.08.2014, som er eit lågare overforbruk enn tidlegare år på same tidspunktet. Det har m.a. si årsak i at lønsauke etter hovudoppgjeret i våren 2014 ikkje er bokført før septemberlønna; i tidlegare år blei det bokført frå 1.mai.

Det er litt etterslep på sjukelønsrefusjon. Når alle refusjonane er på plass vil avviket jamne seg ut.

Teneste 32520 (Næringsutvikling / omstilling)

Lønnsutgiftene til dei to stillingane og møtegodtgjersle blir ført på ansvar 100, og er største grunnen til avviket i lønnsutgiftene til ansvar 100. Dette blir oppgjort mot omstillingsprosjektet mot slutten av året.

Andre forhold:

Teneste 12050 (Fellesutgifter)

Viser eit overforbruk som har si årsak i periodisering og skeivføring mellom budsjett og rekneskap. Fellesutgiftene vil bli fordelt på slutten av året, og avvik vil då jamne seg ut. Som nemnt tidlegare ligg det ein inntekstspost på teneste 12050 som ikkje er reelt, og som førar til problema med å halde budsjettet.

Teneste 12052 (IKT)

Tenesta viser eit overforbruk på ca. 200.000 kr. Her vil det komme inn tilbakebetaling frå SYSIKT i samband med m.a. LYNC-prosjektet og innføring av elektronisk intern kontroll. Rekneskapet på 12052 er venta i balanse ved slutten av året.

I samband med gjennomgang av rekneskapstall for inneverande år og avslutning av diverse investeringsprosjekt, vil det bli ein detaljert kontroll av ulike posteringa for å fange opp feilposteringa. Eventuelle feilposteringa vil bli retta, som og vil bidra til å få rekneskap i balanse.

Er alle innkjøp i tråd med lov og føreskrift om offentlig anskaffelsar og våre innkjøpsavtalar?

Ja

Askvoll,
Jeroen Van Gangelen
-Rådgjevar-

Oppvekst

REKNESKAPSRAPPORT PR. 31.08.14.

Samla vurdering:

Oppvekstetaten har eit samla mindreforbruk på om lag 1.450.000 kroner per 31.08, og vi ser difor ut til å liggje godt innanfor den budsjetterte totalramma for 2014. Det vert auka aktivitet både på skule og i barnehage i 2 halvår, så dette mindreforbruket vil bli redusert i løpet av hausten. Askvoll skule har ein klasse meir på ungdomssteget no frå august, og som tidlegare omtala vil den kraftige veksten i søknader etter barnehageplass frå dette barnehageåret, føre til aktivitetsauke i fleire av barnehagane. Auka lønskostnad berre i barnehagane er stipulert til 7-800.000 kroner. På nokre områder får vi også større refusjonskrav enn det som opphavleg var budsjettert. Ut frå desse føresetnadane bør vi absolutt gå inn i eit nytt skule- og barnehageår med ein buffer til å ta unna denne aktivitets- og kostnadsauken. Resultatet per i dag gjer oss likevel nokså trygge på at vi er i rute i høve å halde oss innanfor ramma for 2014.

..... Løn pr. 31.08.14:

	Budsjett 2014	Budsjett pr. 31.08.14	Rekneskap pr. 31.08.14	Avvik	% forbruk av total
Brutto løn	61 515 853	38 902 526	38 736 470	166 056	62,97
Refusjonar	-1 262 997	-841 998	-1 766 337	924 339	
Netto løn	60 252 856	38 060 528	36 970 133	1 090 395	61,36

Kommentar til løn:

Tabellen syner at vi per 31.08 ligg litt under der vi skal vere i høve budsjettert bruttoløn, men dette kjem av det som er forklart ovanfor. Det er likevel først og fremst større inntekter frå refusjonar (i hovudsak frå sjukeløn og fødselspengar) enn forventa, som gjer at nettoutgiftene til løn ligg godt under det som er budsjettert. Dei tilsette i Oppvekstetaten har ei klar forståing av at kommunen framleis er i ein vanskeleg økonomisk situasjon. Einingsleiarane vurderer difor til ei kvar tid nøyte korleis dei kan organisere tilbodet så rimeleg som mogeleg, men likevel på ein forsvarleg måte, m.a. utan å måtte setje inn vikar ved kortare sjukefråvær. Ved lengre sjukefråvær er det dessutan ofte vanskeleg å få utdanna vikarar, og dei mellombelse løysingane fører difor ofte og til lågare lønskostnader. Dette er ein situasjon som kan vere forsvarleg for ein kortare periode, men som over tid vil slite kraftig på organisasjonen. Å jobbe vidare med å få ned sjukefråværet, og skape stabile arbeidstilhøve for dei tilsette vert difor ein av dei viktigaste oppgåvene våre framover.

Andre forhold:

Som nemnt ovanfor får vi på nokre områder større refusjonskrav enn det som er budsjettert for 2014. Dette gjeld i særleg grad utgifter til spesialpedagogiske tiltak for barn som ikkje går i våre eigne skular. Dette er budsjettert på ansvar 200 Oppvekstkontoret, teneste 20250, og her kan vi nok rekne med ei meirutgift på 2-300.000 kroner.

Elles har ein i nokre år budsjettert løn til 40% av den lokale PPT-stillinga på teneste 21300 Vaksenopplæring, i tillegg til ei 60% stilling nytta til norsk- og samfunnskunnskapsopplæring for framandspråklege vaksne. 60%-stillinga har i hovudsak vore sjølvfinansiert av statlege

midlar til norskopplæring og eigenbetaling for dei som ikkje har rett til slik opplæring, medan den andre stillinga vart finansiert av kommunale midlar. Frå budsjettet for 2013 vart det lagt opp til at begge stillingane vart finansiert av det statlege tilskotet, truleg som eit innsparingstiltak. Dette kunne ein gjere sidan tilskotet til norskopplæring auka nokså mykje pga fleire innbyggjarar som hadde rett til slik opplæring. Dette tilskotet vert gjeve ut frå tal registrerte personar i målgruppa som er busett i kommunen, og skal nyttast til å oppfylle den rett til gratis opplæring som denne gruppa har. Så lenge kommunen oppfyller retten til opplæring (noko Askvoll kommune gjer), vert ikkje unytta midlar ført til fråtrekk i neste års tilskot. Når tilskotet auka meir enn forventa i 2013 vart likevel vel 300.000 kroner av desse midlane sett av på fond for å vere med å finansiere framtidig norskopplæring, og det bør vi og gjere om det same vert tilfelle i 2014. Når vi i det komande året skal ta imot flyktningar må nok heile det statlege tilskotet nyttast til å finansiere norsk- og samfunnsfagsopplæringa både for eksisterande og nye brukarar, og den andre 40%-stillinga til anna type vaksenopplæring må på ny finansierast av den kommunale ramma.

Innkjøp i tråd med lov og regelverk:

Alle innkjøp på Oppvekstetaten er no i hovudsak i tråd med lov og føreskrift om offentleg anskaffelsar og våre innkjøpsavtalar med unntak av eitt område. Dette gjeld innkjøp av matvarer, noko som primært gjeld for innkjøp til dei foreldrefinansierte måltida i barnehagane. På dette området er vi tilslutta ein felles innkjøpsavtale gjennom SFFI, og barnehagane har, etter at vi fann avvikande innkjøpsrutinar i høve denne avtalen, vore innstilt på å endre rutinar. Det syner seg no at denne avtalen i utgangspunktet er meint for storhushald, og leverandør kan heller ikkje levere i samsvar med avtalen til alle einingane våre. Det vert difor arbeidd med om vi kan bli løyst frå denne avtalen, og inn til dette er avklara opprettheld barnehagane det handlemønsteret dei har hatt til no (dvs. innkjøp hos den lokale kjøpmann)

Askvoll, 26. september 2014

Kristen Holt
-kommunalsjef oppvekst-

NAV

REKNESKAPSRAPPORT PR. 31.08.14.

Samla vurdering:

Utgifter til lønn og drift er på nivå med budsjetterte midlar medan vi har ei overskriding på økonomisk sosialhjelp, teneste 28100 med kr 241.700,- .

Forventa forbruk sosialhjelp ut året: kr 720.000,-

Rest budsjettmidlar: kr 440 000,-

Til gode KVP (dersom ikkje program): kr 171 000,-

Forventa sjukepengerefusjon/vakant stilling kr 110 000,-

Slik det ser ut no, vil det ikkje vere trong for auka midlar ut året.

Løn pr. 31.08.14 :

	Budsjett 2014	Budsjett pr. 31.08.14	Rekneskap pr. 31.08.14	Avvik	% forbruk av total
Brutto løn	1 675 503	1 059 231	980 984	78 247	58,55
Refusjonar	0	0	-8 571	8 571	
Netto løn	1 675 503	1 059 231	972 413	86 818	58,04

Kommentar til løn:

Lønsoversikta viser at vi har kr 86 818 til gode i høve budsjettet. Her må vi ta omsyn til at kvalifiseringsstønadene ikkje er brukt. Det er difor ikkje noko til gode på løn.

Andre merknader: (kommentar til kvart tenesteområde)

Tenesteområde 12010 – adm. leing: Løn til leiar for august er ikkje refundert.

Tenesteområde 24200 - Løn og utgifter til tilsette: Rett nivå i høve budsjettet.

Tenesteområde 24250 – Kontordrift : Rett nivå i høve budsjettet.

Tenesteområde 24300 - Løn og utg til miljøarbeidarar: Rett nivå i høve budsjettet.

Tenesteområde 27600 - Kvalifiseringsprogram. Vi har ikkje brukarar i programmet og har til gode kr 108.000,- pr 31.08.14.

Tenesteområde 28100: økonomisk sosialhjelp: Overforbruk på kr 241.683,- på denne tenesta pr 31.08.14. Forventa forbruk på sosialhjelp ut året vert berekna til kr 720.000,- . Rest budsetteerte midlar på denne tenesta er kr 440.000 og til gode KVP (dersom ingen søknad) er kr 171.000,-. Då står det att ein rest\overforbruk på kr 109.000,-. Dette reknar vi med å dekke inn med forventa sjukepengerefusjon og vakant stilling.

Andre merknader:

Vi gjer innkjøp med godkjend statlege leverandørar. Hittil i år har det ikkje vore gjort innkjøp utover reinhaldsartiklar og data-og kontorrekvisita.

Askvoll 26.09.14

Åse Rivedal Solheim
Leiar Nav

Interkommunalt barnevern - HAFS

REKNESKAPSRAPPORT PR. 31.08.14.

Samla vurdering:

Basert på ny ramme etter 25.juni -14 ser det ut til at barneverntenesta kjem til å ha ei innsparing på om lag 300 000 kr ved årslutt, hovudsakleg kjem dette frå vakanse i stilling på delteneste 24410 og feilføring av refusjon på 25200. Det er også moglegheit for innsparing på teneste 25100, men dette er framleis usikkert og kan betre predikerast ved neste månadsrapport.

.....

Løn pr. 31.08.14:

	Budsjett 2014	Budsjett pr. 31.08.14	Rekneskap pr. 31.08.14	Avvik	% forbruk av total
Brutto løn	1 020 500	640 628	444 643	195 985	43,57
Refusjonar	0	0	0	0	
Netto løn	1 020 500	640 628	444 643	195 985	43,57

Kommentar til løn:

Andre forhold:

24410 drift HAFS interkommunale barneverntenesta

Barneverntenesta har no til saman 5,5 sakshandsamarstillingar og 2 tiltaksstillingar. 1,3 av desse stillingane er midlar frå Fylkesmannen. Ei 100% tiltaksstilling blir refundert frå kommunane sitt tiltaksbudsjett til 24410 ved årsslutt, så dette er ikkje med i rekneskapen for 2.tertial.

Etter søknad til Fylkesmannen i vår fekk barneverntenesta innvilga ei 50% stilling i tillegg til den tidlegare tildelte 80% stillinga barneverntenesta har frå tidlegare frå Fylkesmannen. Før sommaren var alle stillingar bemanna, men no i september har ei av dei fast tilsette slutta og nytilsett byrjar først i januar 2015. Sidan 18% av stillingane er frå statlege midlar vil ein overføre den delen til fond. Det resterande 82% av lønsmidlane for den perioden vil komme som innsparing på denne tenesta.

På fleire andre budsjettpostar ser det ut til å vere ei mogeleg lita innsparing, samtidig som posten for reiseutgifter er større enn budsjettert. Dette på grunn av at tilsette no fører alle reiser på delteneste 24410 i staden for 25100 og 25200. Motsvarande utgifter til reise for dei tilsette kjem som innsparing på dei andre deltenestene.

Refusjonar frå dei andre HAFS kommunane er krevd inn for 6 månader.

Det ser ut til å verte ei samla innsparing på om lag kr 180 000 ved årsslutt på teneste 24410. Sidan driftsbudsjettet blir fordelt på HAFS kommunane etter barnetal, vil også innsparinga bli det og Askvoll sin del blir om lag kr 67 000.

360 25100 tiltak i heimen

Barneverntenesta fekk auka ramma med kr 600 000 etter 1. tertial på grunn av behov for omfattande tiltak som ikkje var budsjettert. Desse vart fordelt på teneste 25100 og 25200.

På teneste 25100 manglar framleis utgifter til sommarleir for born som kjem først seinare i år som refusjon til Fjaler, i tillegg til ein del timelister frå besøksheimar og støttekontakter for denne perioden. Tiltaksstillinga til Askvoll og Fjaler refunderast til teneste 24410 i Fjaler kommune ved slutten av året frå konto 13500.

Det har sidan 1. tertial oppstått nye behov i fleire saker og ein har i stor grad lukkast med å dekke auka utgifter på enkelte konto ved å omdisponere midlar frå andre konto. I ei sak har det vore naudsynt med omfattande oppfylgingstiltak for å forebygge at det blir naudsynt med andre meir kostbare tiltak. Det ser no ut til at den nødvendige oppfylginga kan bli gitt av tiltaksstillingane som barneverntenesta har, men dette vil vere avhengig både av utviklinga i saka og eventuelle andre behov for tiltaksarbeid i Askvoll. Dersom tiltaksstillinga kan nyttast dei resterande månadane i staden for andre tiltak, vil dette medføre reduserte utgifter på denne deltenesta og ei mogeleg innsparing på inntil kr 100 000.

Det er vanskeleg å forutsjå korleis rekneskapen vil sjå ut ved årsslutt, men det er sannsynleg at ein ved bruk av eigen tiltaksteneste kan redusere bruk av andre budsjetterte tiltak, som vil medfører reduserte utgifter på denne tenesta. Å seie noko sikkert er likevel vanskeleg sidan ein ikkje veit kva nye saker som kjem og eventuelle nye behov som vil oppstå i allereie kjende saker.

360 25200 Tiltak utanfor heimen

Kostnadane på delteneste 25200 har auka kraftig på grunn av fosterheimstiltak, og dette medfører sannsynlegvis auka utgifter også for fleire år framover. For 2014 vart desse utgiftene dekkja med auke i ramma etter 1. tertial.

Ein feilføring av refusjon på teneste 25200 vart oppdaga og mefører ei innsparing på om lag kr 230 000.

Er alle innkjøp i tråd med lov og føreskrift om offentleg anskaffelsar og våre innkjøpsavtalar?

Ja

Charlotte Willemoes
barnevernleiar

Helse og omsorg

TERTIALRAPPORT PR. 31.08.2014

Samla vurdering:

Helse- og omsorgetaten har i 2014 omorganisert organisasjonen og ein driv nøkternt og har fokus på kostnader. Ved sjukeheimen har ein hatt mindre overbelegg enn dei føregåande åra. Tenestene innan helse og omsorg ligg driftsmessig innanfor originalt budsjett, men ein ligg ein del dårlegare an enn tidlegare stipulert etter 1. tertial. Reduksjon av budsjett med kr 800 000,-, ekstrarekning på somatiske pasientar på i overkant av 500 000,- og mogeleg utgifter på kr. 400 000,- for brukar i anna kommune gjev oss utfordringar. Ein har i tillegg enkelte mindre utfordringar på utgiftssida.

Prognose for 2014 er at helse- og omsorgsetaten går mot eit meirforbruk på ca.2 millionar kr.

.....

Løn pr. 31.08.14:

	Budsjett 2014	Budsjett pr. 31.08.2014	Rekneskap pr. 31.08.2014	Avvik	% forbruk av total
Brutto løn	75 101 633	47 457 024	46 772 532	684 492	62,28
Refusjonar	-1 822 000	-1 214 667	-1 998 216	783 549	
Netto løn	73 279 633	46 242 357	44 774 316	1 468 041	61,10

Kommentar til løn:

Tabellen syner eit positivt avvik, utgifter til vikarbyrå pr. juli 2014, er tatt med under rekneskap pr. 31.08.2014

Ekstra lønskøyting er med i budsjettet, men ikkje i rekneskapetstala.

Andre forhold:

Seksjon Helse :

Ved seksjon helse ligg ein med eit meirforbruk på kr. 278 000,-, dette skuldast delvis manglande refusjon for fysioterapeutar, dette vert utbetalt seinare. Vi har også utlegg for brukar i annan kommune som er medvirkande årsak til meirforbruk.

Seksjon for bu- og miljøteneste :

Ein ser at ein får eit overforbruk på støttekontakt og avlastning. Dette skuldast auka tal brukarar, spesielt yngre.

Pasient/brukar forhold :

Gj.snitt pasientbelegg ved Askvollheimen i 2. tertial har vore 51, det vil seie 2 pasientar over antal definerte plassar ved sjukeheimen. Det har i delar av denne perioden vore nødvendig med bruk av ekstrahjelp for å gje forsvarlege tenester. Enkeltbrukarar har i periodar hatt behov for ekstra bemanning.

Vi har per 31.08.2014 klart å ta imot alle utskrivingsklare pasientar frå helseføretaka som vi har fått melding om.

Ein har mangel på personale og vikarar innan tenesta, dette gjer til at ein brukar ein del meir overtid enn det som er ynskjeleg. Det er viktig at vi klarar å rekruttere inn nytt fagpersonell, og legge godt til rette for dei som er sjukemelde. Ein ser at sjukemeldingstala har gått opp ved heimeteneste og institusjon.

Medfinansiering :

Det er førebels usikkert korleis dette vil slå ut ved endeleg avrekning. Askvoll Kommune har betalt a konto beløp pr.mnd kr.342 000,- 1. halvår 2014. Frå 01.07. har månadsbeløpet gått ned til kr. 322 000,-, grunna foreløpig estimat.

Avrekning for 2013 viser eit meirforbruk av spesialisthelsetenester på kr. 520 000,-, dette er no betalt gjennom 2014-budsjettet. Det er sannsynleg utifrå det vi veit i dag, at det vert eit overforbruk i 2014 som tilsvarar dette beløpet frå 2013.

Brukarbetaling:

	2012	2013	Pr. 31.08.2014
Budsjett	4 805 000	5 274 000	3 206 400
Rekneskap	4 963 942	5 080 079	3 228 773
Avvik	158 942	-193 921	22 373

Det er lagt inn brukarbetaling frå NAV til og med august.

Brukarbetalinga har etter 2. tertial retta seg opp, ein har no fått inn den budsjetterte brukarbetalinga. Etter 1.tertial såg ein ut til å gå mot mot ei underdekning på denne posten.

Alle innkjøp er i 2014 gjort i tråd i tråd med lov og føreskrift om offentleg anskaffelsar og våre innkjøpsavtalar. Det er likevel ein del usikkerheit angående bruk av firma til elektriske installasjonar. Det pågår arbeid for å legge desse tenestene ut på anbod.

Kommentar til prognose : Helse- og omsorgsetaten har alt sett i verk ekstra kostnadsreducerande tiltak; ein har enkeltstillingar vakante, for å spare lønsmidlar der dette let seg gjere. Det er også sett fokus på å redusere innkjøp til eit minimum.

Askvoll 25.09.14

Stein Helle

Kommunalsjef for helse og omsorg

Landbruksforvaltning for Askvoll og Fjaler

REKNESKAPSRAPPORT PR. 31.08.14.

Samla vurdering:

Justeringar i budsjettet er gjennomført med at ca. 0,3 årsverk ved landbruksforvaltninga er overført til andre arbeidsoppgaver i kommunen. Ut frå dei nye budsjettala, jfr. kommunestyrevedtak frå 25.06.2014, er det på noverande tidspunkt rekna med at landbruksforvaltninga skal kunne gjennomføre oppgåvene innafor den nye budsjettramma.

.....

Løn pr. 31.08.14:

	Budsjett 2014	Budsjett pr. 31.08.14	Rekneskap pr. 31.08.14	Avvik	% forbruk av total
Brutto løn	2 993 728	1 887 029	1 678 160	208 869	56,06
Refusjonar	0	0	-9 698		
Netto løn	2 993 728	1 887 029	1 668 462	218 567	55,73

Kommentar til løn: Ein av dei tilsette ved Laf er lønsregistrert i Fjaler, slik at ovanforståande lønn pr 31.08.2014 ikkje er dekkande for forbruket ved Laf. Dette vil bli justert ved årsslutt.

Andre merknadar:

Er alle innkjøp i tråd med lov og føreskrift om offentleg anskaffelsar og våre innkjøpsavtalar?
Ja.

Askvoll 18.09.2014

Geir Grytøyra
-kommunalsjef landbruk-

Teknisk drift

REKNESKAPSRAPPORT PR. 31.08.14

Samla vurdering:

Teknisk drift – vaktmestersentral har ei mindre overskriding ut frå gjennomgang 31.08.14.

Løn pr. 31.08.14:

	Budsjett 2014	Budsjett pr. 31.08.14	Rekneskap pr. 31.08.14	Avvik	% forbruk av total
Brutto løn	7 076 813	4 473 872	4 351 761	122 111	61,49
Refusjonar	0	0	-200 304	200 304	
Netto løn	7 076 813	4 473 872	4 151 457	322 415	58,66

Kommentar til løn:

Har ikkje lykkast enda med å få tilsett vaktmester i Bulandet. Har auka opp mannskap i sommarperioden. Vil prioritere å få endra omgjordt reduserte stillingsprosentar inn i faste stillingar. Askvoll kommune og Fjaler kommune prøver ut om det kan verte aktuelt med eit lenger samarbeid lik 3 år knytt til feiing. Vil få avklart i løpet av perioden september – november om dette er mogleg. Får utgifter knytt til avrekning for vaktbefal i brannvesenet.

Andre forhold:

Område med større avvik/meirforbruk:

- Veglys: Har fortsatt overskriding jf. signal 30.04.14. Fått nye pålegg frå E-trygg.
- Vegar: Prisar vintervedlikehald er om lag som for sesongen 2013/2014. Gjenstår utgifter med grusing i 2014. Samla bilde ser betre ut.
- Brann: Fått meirutgifter på vaktordning lik kr. 100.000 i 2014. Vanskeleg å halde ramme. Feiing hentar inn avgifter 2. termin, men har hatt overskriding siste åra. Området har som pr. 1 tertial overskriding 31.08.14.
- Vatn: Forventa avvik tilsvarande det som var vist pr. 1. tertial lik 150-200.000,-.
- Avlaup: Truleg eit mindre overforbruk jf. signal pr. 1. tertial 30.04.14.

Teknisk drift- vaktmestersentraler har eit mindre meirforbruk pr. 31.08.14.

Ut frå status vurderer ein slike:

- Få stillingsprosentane på plass i faste stillingar.
- Vere spesielt opptatt av kostnader knytt til brann, vegar, veglys.
- Få på plass løysing mht. Bulandet vassverk snarast mogleg.

Askvoll 28.09.14

Per Jan Ryland

-Teknisk sjef-

Bygg- og eigedom

TERTIALRAPPORT PR. 31.08.14

Samla vurdering:

Planarbeid: Meirforbruk på konsulentarbeid ved handsaming av private reg.planar og ferdigstilling av arealdelen av kommuneplanen. Mykje av planarbeidet pågår fortsatt og meirkostnadane er derfor vanskelegå fastslå.

Byggesak, kart og oppmåling. På budsjett

Drift og vedlikehald: Må kutte kostnader grunna meirforbruk på planarbeid.

Husleigeinntekt: Noko avvik, eiga begrunning i tekst under.

Ut frå ei samla vurdering vil ein gå i balanse ved årsslutt med atterhald om at arealdelen av kommuneplanen ikkje påfører oss ekstrakostnadar utover det som er kjent i dag. Dette vert ikkje kjent før ein veit omfanget av motsegn/innspeil etter offentleg ettersyn.

Løn pr. 31.08.14:

	Budsjett 2014	Budsjett pr. 31.08.14	Rekneskap pr. 31.08.14	Avvik	% forbruk av total
Brutto løn	2 522 217	1 594 513	1 617 424	-22 911	64,13
Refusjonar	0	0	-51 097	51 097	
Netto løn	2 522 217	1 594 513	1 566 327	28 186	62,10

Kommentar til løn: Ingen kommentar.

Husleigeinntekter:

	Rekneskap pr. 31.08.14	Budsjett pr. 31.08.14	Avvik i kr.
Administrasjonslokale	-73 908,00	-173 333,34	-99 425,34
Askvoll skule	-84 930,00	-110 000,00	-25 070,00
Helsehuset	-144 552,00	-264 000,00	-119 448,00
Holmedal eldresenter	-324 377,00	-243 333,34	81 043,66
Bulandsheimen	-177 779,29	-200 000,00	-22 220,71
Værlendet bygdetun	-75 656,00	-70 000,00	5 656,00
Omsorgsbustadar Askvoll	-1 475 171,07	-1 346 666,66	128 504,41
Bustadar Kvammen	-187 136,00	-180 000,00	7 136,00
Bufellesskap	-712 553,97	-728 666,66	-16 112,69
Heradsheimen	-47 794,86	-54 666,66	-6 871,80
Paulsbu	-90 192,00	-100 000,00	-9 808,00
Bakketun II	-85 336,00	-80 000,00	5 336,00
Tipphaugen	-192 789,32	-162 666,66	30 122,66
Sifbo	-217 235,02	-200 000,00	17 235,02
Drift og vedlikehald kom. disp. bustader	-3 586 020,53	-3 365 999,99	220 020,54
Heradsheimen	-9 532,00	0,00	9 532,00
Ekspedisjonsbygget	-35 800,00	-133 333,34	-97 533,34
Næringsbygg	-45 332,00	-133 333,34	-88 001,34
Bygg- og eigedomsavdeling	-3 934 742,53	-4 046 666,66	-111 924,13

Kommentar til husleigeinntekter:

Avvik administrasjonslokale: Avviket skuldast at husleige LAF vert oppgjort ved årsavslutning. Denne husleiga var på 103.500 i 2013.

Husleie på Helsehuset er budsjettert for høgt, men auka inntekt i omsorgssektoren vil kompensere dette fullt ut.

Andre merknadar:

Kjøp av konsulenttenester til fullføring av arealdelen, samt ein del private reguleringsplanar, vil vere eit negativt avvik mellom rekneskap og budsjett. Dette må takast inn på driftsmidlar avsett til vedlikehald.

Arbeidet med utarbeiding av grunnlag til rammeavtale på elektroarbeid pågår.

Stad / Dato

Helge Jostein Follevåg
-Sjef for Bygg og eigedom-

Finansielle føremål

TERTIALRAPPORT PR. 31.08.14

Samla vurdering:

Minke skatteinngang	kr. 800 000,-
TOTALT (behov for midlar)	kr 800 000,-

Rammetilskot

Askvoll kommune bruker KS sin prognosemodell for vurdering av rammetilskot og skatt. Den siste versjonen av 10.10.2014 inneheld justeringar som fylgje av statsbudsjettet for 2015. Askvoll kommune sitt budsjett viser for 2014 eit rammetilskot på kr. 121 487 000,-. Prognosemodellen til KS anslår rammetilskotet til kommunen å vere kr. 121 155 000,-. Reduksjonen er i netto innteksutjevning og må derfor sjåast i saman heng med skatt.

Skatt

Prognosemodellen viser at vi vil få ein skatteinngang på kr. 58 136 000,-. Vi har budsjettert med kr. 58 633 000,-. Totalt sett for netto innteksutjevning og skatt viser prognosemodellen ein svikt i skatt på kr. 800 000,-.

Renteutgifter

Askvoll kommune har pr. 31.08.2014 ei lånegjeld på ca 222 mill kr. I budsjett for 2014 er lån med flytande rente budsjettert med 2,6 %. Styringsrenta i Noregs Bank ligg på 1,5 % og har vore uendra sidan april 2012. Bankane vi har lån hos har ikkje signalisert at renta går ned i år. Askvoll kommune sparer litt på at den flytande renta er lågare enn budsjettert, men rentekompensasjonen blir og lågare, fordi den blir rekna ut frå flytande rente. Økonomisjefen tilrår derfor at renteutgiftene for blir uendra.

Renteinntekter

Det er budsjettert med 0,7 mill kr.- i renteinntekter for 2014. Pr. 01.08.14 har Askvoll kommune til gode ca kr. 500 000,- i renteinntekter hjå Sparebanken Sogn og Fjordane. Dette viser at vi i renteinntekter vil få omtrent like mykje som opprinneleg budsjettert.

Momskompensasjon

Frå og med 2014 skal all momskompensasjons (mva. komp) som kjem av investeringsprosjekt, inntektsførast i investeringsrekneskapen og påvirkar derfor ikkje drifta. Mva komp i driftsrekneskapen er ei «0» spel da den blir ført både som inntekt og utgift.

Askvoll, 01.10.14
Nina Haugstad
-økonomisjef-

Rapporteringsskjema 31.08.2014 i hht Finansreglement for Askvoll kommune

Tal i 1000 kroner

Kortsiktig plassering

Type plassering	Sum 01.01	Sum 31.08	Forfall	Rente-sats	Påløpt rente	Budsjett 2014	Ref.ind eks	Avvik
Hovedbankforbindelse:								
Bankinnskott disponibelt	16 022	27 119		3,35				
Bankinnskott fond etc.	904	904		3,35				
Skattetreksmidlar	5 105	6 186		3,35				
Sum kortsiktige plassering	22 031	34209			502	700		35

Langsiktig plassering

Type plassering	Sum 01.01	Sum 31.08	Allokering	Verdi- endring	Budsjett	Ref.indeks	Avvik
	0	0					

Gjeldsportefølje

Långevar	Gjeld 01.01	Gjeld 31.08	Rente p.t./fast		Betalt rente i år	Betalte avdrag i år	Budsj. rente	Budsj. avdrag	Avvik
Kommunalbanken									
- lån nr 2005137/20050482	8 096	7 525	2,57 fast		104	571	201	1 143	
- lån nr 2005104	13 927	13 411	2,58 fast		180	516	353	1 032	
- lån nr 20100789	20 139	19 870	3,15 fast		319	269	630	537	
-lån nr 20130679	11 810	11 810	2,37 fast		140	0	307		
-flytande rente	107 293	105 983	2,25		1 202	1 310	2 755	2 619	
Kommunekreditt/KLP									
- lån nr 8317.50.30738**	21 590	20 150	4,24 fast		900	1 440	885	1 440	
-lån nr 8317.53.39291	0	23 420	2,25						
Husbanken*	21 343	20 254	2,50		384	1 089	517	1 484*	
Sum gjeld	204 198	222 423			3 229	5 195	5648	8 254	***

*Husbanken sine lån inneheld både kommunen sine egne lån og lån til vidare utlån. (startlån)

588 av avdraga er derfor ført i investeringsrekneskapen pr.31.08.14 Totalt budsjettert avdrag 868

** lånet går over til flytande rente p.t 2,5% frå 29.09.14

*** litt betre enn budsjettert. Rentekompensasjonen vil bli lågare enn budsjettert så totalt sett ca lik budsjett ved slutten av året.

Fordeling på långevarar og rentebindingstid for investeringslåna:

Långevarar	del av låneporteføljen	del flytande rente	del fast rente
Kommunalbanken	71	33	67
Kommunekreditt/KLP	20	54	46
Husbanken	9	26	74
Sum	100	61	39

Garantiar

Garantimottakar	Føretaket sitt namn	Garantibeløp	Forfall
Stongfjorden Grendahus		88	01.06.2016
...			

Nina Haugstad 13.10.14

SAKSGANG			
Styre, utval, m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv
Komit� for oppvekst, omsorg, helse og kultur	12.11.2014	031/14	KRH
Kommunestyret	12.11.2014	080/14	KRH

Saksbeh
Kristen Holt

Arkivsaknr
14/715-2

Arkiv
K2-A20, K3-
&14

Tilstandsrapport i grunnskulen - 2013/2014

R DMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kommunestyret godkjenner Tilstandsrapport for grunnskulen i Askvoll 2013/2014

Kva saka gjeld:

Det er fastset i opplæringslova at skuleeigar pliktar å utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa. Tilstandsrapporten vart lagt fram for medlemmane i OOHK som eit arbeidsnotat i møte 3. september 2014. Komiteen gjekk gjennom dei framlagde resultata utan å gjere særskilde vurderingar med omsyn til kommentarar og kommunale målsetjingar.

Saksutgreiing:

Rapport om tilstanden i opplæringa

Rapporten om tilstanden (tilstandsrapporten) i opplæringa skal omhandle læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Dette året har vi ikkje tilgjengelege resultat for 2012/2013 om læringsmiljøet, sidan Utdanningsdirektoratet avgjorde at frå 2013 skulle Elevundersøkinga gjennomførast på hausten.

Den årlege rapporten skal drøftast av skuleeigaren, dvs. kommunestyret jf. opplæringslova § 13-10, andre ledd..

Det følgjer av forarbeida til føresegnene - Ot.prp.) nr. 55 (2008-2009) s. 24 - at det skal vere mogleg å tilpasse arbeidet med å utarbeide ein årleg tilstandsrapport til det ordinære plan-, budsjett- og rapporteringsarbeidet hos skuleeigaren.

Krav til innhald i tilstandsrapporten

Tilstandsrapporten skal som eit minimum omtale læringsresultat, fråfall og læringsmiljø, men kan byggjast ut med annan omtale som skuleeigaren meiner er føremålstenleg ut frå lokale behov. Det er data frå Skoleporten som hovudsakleg skal brukast som grunnlag for skuleeigaren si vurdering av tilstanden, men det følgjer av St.meld. 31 (2007-2008) at skuleeigarar og skolar blir oppmoda til å føre opp konkrete målsetjingar for kva dei skal oppnå innanfor dei målområda som er sette opp.

Det følgjer av Ot.prp. nr. 55 (2008-2009), s. 24, at tilstandsrapporten skal innehalde vurderingar knytte til opplæringa av barn, unge og vaksne. Dei data som er tilgjengelege i Skoleporten, inneheld ikkje særskilde data om vaksne. I vurderinga av om rettane til vaksne blir tekne vare på når det gjeld områda læringsresultat, fråfall og læringsmiljø, må skuleeigaren derfor bruke andre kjelder for datainnhenting.

St.meld. nr.16 (2006-2007) dokumenterer at tidleg innsats er vesentleg for å betre ferdigheiter og fagleg utvikling hos elevane. Kartlegging av ferdighetsnivået til elevane må følgjast opp med tiltak for dei som har behov for ekstra opplæring frå første stund. Den spesialpedagogiske innsatsen er her sentral. Dei data som er tilgjengelege i Skoleporten, inneheld ikkje data om spesialundervisning, og skuleeigaren må derfor også på dette området bruke andre kjelder for datainnhenting. Skuleeigaren står elles fritt til å utvide innhaldet i tilstandsrapporten, dersom det er ønskjeleg og føremålstenleg.

Det generelle systemkravet

Den plikta skuleeigarane har til å utarbeide årlege rapportar om tilstanden i opplæringa, er ein del av oppfølgingsansvaret knytt til det generelle systemkravet eller krav til internkontroll, jf opplæringslova § 13-10 andre ledd.

Vurdering av resultat

Vurderingane som skal gjerast av den enkelte skuleeigaren, er viktig informasjon når tilstandsrapporten skal drøftast av den politiske leiinga e.a., og generelt for oppfølging av utviklinga på sektoren.

I vurderinga bør ein sjå resultata i høve til eventuelle nasjonale mål og dei måla som er sette lokalt. Dersom det er sett i gang lokale utviklingstiltak, bør ein sjå eventuelle evalueringar av dei i relasjon til mål og resultat.

Følgjande element kan inngå i vurderinga:

- særlege negative eller positive resultat
- kort om moglege årsaker
- konsekvensar, eks korrigierende tiltak dersom negativ utvikling

Dersom det er bakanforliggjande faktorar som har noko å seie for korleis tala i rapporten kan tolkast, bør dette inngå i vurderinga. Til dømes bør den delen av elevane som er fritekne frå, eller som ikkje har delteke ved nasjonale prøver, inngå i vurderinga av resultatet frå dei same prøvene.

Personvern

Opplysningar som direkte eller indirekte kan identifisere enkeltindivid, er personopplysningar som er teiepliktige opplysningar, jf. personopplysningslova § 2 nr 1 og forvaltningslova § 13 (1), og dei er unnatekne det offentlege etter offentleglova § 13. Vi gjer merksam på at det er skuleeigaren som handsamar eventuelle innsynskrav, jf. offentleglova.

Omgrepet ”skuleeigar”

I Skoleporten har den enkelte skuleeigar tilgang til data for eigne skoler som elles er unnatekne det offentlege. Dei data som er inkluderte i tilstandsrapporten frå skuleeigaren, kan dermed innehalde data som er omfatta av personvernet. Det er derfor svært viktig at ein hos skuleeigaren har eit bevisst forhold til kven som skal ha tilgang til rapporten. I dette ligg det mellom anna eit krav om at det må gjerast ei vurdering av kva for organ og personar innanfor den enkelte kommunen eller fylkeskommunen som er ein del av skuleeigaromgrepet, og som i tillegg ut frå føremålet med innsamlinga av data har behov for tilgang til resultat som er unnatekne det offentlege.

Utgangspunktet for den nemnde avgrensinga er at berre folkevalde eller kommunale og fylkeskommunale organ som har relevant tilknytning til skuleverket, og som har behov for å ha tilgang til alle resultata, har innsynsrett. Eventuell innsynsrett må også kunne forankrast i føremålet med tilstandsrapporten. Behovet for informasjon vil likevel variere med den rolla den enkelte mottakaren har, og det må takast utgangspunkt i det forvaltningsrettslege prinsippet om at innsyn i teiepliktige opplysningar berre skal ein berre gi i den grad det er nødvendig for å oppfylle føremålet.

Både rådmannen og skulefagleg ansvarleg vil klart vere omfatta av skuleeigaromgrepet, og har slik rett til innsyn i resultat som er unnatekne det offentlege. Folkevalde organ som kommunestyret (øvste kommunale organ) og fylkestinget (øvste fylkeskommunale organ), formannskapet og fylkesutval, og faste utval/komitear etter kommunelova (med skule som føremål/verksemd) vil på lik linje med rådmannen og skulefagleg ansvarleg ha rett til innsyn i resultat som er unnatekne det offentlege. Møta i desse organa ”skal holdes for åpne dører hvis ikke annet følger av lovbestemt taushetsplikt eller vedtak etter denne paragraf”, jf.

kommunelova § 31 nr 1. Hovudregelen om lovbestemt teieplikt følger av forvaltningslova (fvl) § 13 som mellom anna omfatter opplysningar om ”noens personlege forhold”. Opplysningar om kva for karakter- eller meistringsnivå ein elev ligg på, må ein sjå på som eit ”personlig forhold” etter fvl § 13. I tilfelle der det eventuelt ikkje skulle liggje føre ei lovbestemt teieplikt, kan folkevalde organ dessutan ”vedta å behandle en sak for lukkede dører hvor hensynet til personvern ... tilsier dette”, jf. kommunelova § 31 nr 3, og sjå også § 31 nr 4.

Konklusjonen er at dersom resultat i tilstandsrapporten som er unnatekne det offentlege, blir lagde fram for kommunestyret, fylkestinget eller eit anna folkevald organ, skal dørene stengjast. Det inneber at berre dei som har ei oppgåve i samband med behandlinga av den aktuelle saka, skal vere til stades når resultata blir lagde fram/behandla.

Private skular

Dei same krava til personvern gjeld òg for private skolar. Styret ved skulen, som er øvste ansvarlege organ, jf. privatskolelova (psl) § 5–1, blir sett på som skuleeigar i denne samanhengen. I saker der teiepliktige opplysningar blir behandla, skal styret syte for at personar under 18 år som har møterett, går ut frå møtet, jf. psl § 5–1 siste ledd. Tilsvarende vil gjelde for den øvste leiinga ved private grunnskolar godkjende etter opplæringslova § 2-12. I tillegg til dei ovannemnde kriteria ligg det òg ei generell avgrensing i at berre personar eller organ med teieplikt kan få innsyn i teiepliktige opplysningar.

Vurdering:

Tilstandsrapporten vart lagt fram for medlemmane i OOHK som eit arbeidsnotat. I møtet den 03.09.2014 gjekk komiteen gjennom dei fram lagde resultata, utan å kome med særskilde vurderingar med omsyn til kommentarar og kommunale målsetjingar. Tilstandsrapporten vert difor no lagt fram med rådmannen sine vurderingar og framlegg til lokale mål.

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.

Opplæringslova §13.10
Ot.prp. nr 55 (2008-2009)

SAKSDOKUMENT:

Trykte vedlegg:

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
3	X	07.11.2014	Oppvekstetaten - Kristen Holt	Framlegg til Tilstandsrapport for grunnskulen i Askvoll - 2013/2014

Framlegg til:

Tilstandsrapport for grunnskolen i Askvoll - 2013/2014

Det er fastsett i opplæringslova og privatskolelova at skoleeigarar pliktar å utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa. I Stortingsmelding nr. 31 (2007-2008) går det fram at det er viktig at styringsorgana i kommunar og fylkeskommunar har eit bevisst og kunnskapsbasert forhold til kvaliteten på grunnopplæringa. Dette er nødvendig for å følgje opp utviklinga av sektoren på ein god måte.

Desse har ansvar for å utarbeide ein årleg tilstandsrapport:

- Kommunar
- Fylkeskommunar
- Private grunnskolar som er godkjende etter opplæringslova § 2-12
- Private skolar med rett til statstilskott

Rapport om tilstanden i opplæringa

Rapporten om tilstanden (tilstandsrapporten) i opplæringa skal omhandle læringsresultat, fråfall og læringsmiljø.

Den årlege rapporten skal drøftast av skoleeigaren, dvs. kommunestyret, fylkestinget og den øvste leiinga ved dei private grunnskolane (jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd). Den årlege rapporten skal drøftast av skoleeigaren, dvs. kommunestyret, fylkestinget og den øvste leiinga ved dei private grunnskolane, jf. opplæringslova § 13-10, andre ledd. Det er fastsett i privatskolelova § 5-2, andre ledd, bokstav k, at styret skal drøfte den årlege rapporten om tilstanden i desse skolane.

Det følgjer av forarbeida til føresegnene - Ot.prp.) nr. 55 (2008-2009) s. 24 - at det skal vere mogleg å tilpasse arbeidet med å utarbeide ein årleg tilstandsrapport til det ordinære plan-, budsjett- og rapporteringsarbeidet hos skoleeigaren.

Nasjonalt kvalitetsvurderingssystem

Tilstandsrapporten er eit sentralt element i det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet. Regjeringa har fastsett mål knytte til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø som grunnlag for å vurdere kvaliteten i grunnopplæringa, jf. St.meld. nr 31 (2007-2008). Til dei nasjonale målsetjingane har regjeringa sett opp indikatorar som skal gi grunnlag for å vurdere kor langt skoleeigaren er kommen i å nå måla.

Krav til innhald i tilstandsrapporten

Tilstandsrapporten skal som eit minimum omtale læringsresultat, fråfall og læringsmiljø, men kan byggjast ut med annan omtale som skoleeigaren meiner er føremålstenleg ut frå lokale behov. Det er data frå Skoleporten som hovudsakleg skal brukast som grunnlag for skoleeigaren si vurdering av tilstanden, men det følgjer av St.meld. nr. 31 (2007-2008) at skoleeigarar og skolar blir oppmoda til å føre opp konkrete målsetjingar for kva dei skal oppnå innanfor dei målområda som er sette opp.

Det følgjer av Ot.prp. nr. 55 (2008-2009), s. 24, at tilstandsrapporten skal innehalde vurderingar knytte til opplæringa av barn, unge og vaksne. Dei data som er tilgjengelege i Skoleporten, inneheld ikkje særskilde data om vaksne dvs.deltakarar som får opplæring etter kapittel 4A i opplæringslova. I vurderinga av om rettane til vaksne blir tekne vare på når det gjeld områda læringsresultat, fråfall og læringsmiljø, må skoleeigaren derfor bruke andre kjelder for datainnhenting.

I St.meld. nr. 16 (2006-2007) går det fram at tidleg innsats er vesentleg for å betre ferdigheiter og fagleg utvikling hos elevane. Kartlegging av ferdigheitsnivået til elevane må følgjast opp med tiltak for dei som har behov for ekstra opplæring frå første stund. Den spesialpedagogiske innsatsen er her sentral. Dei data som er tilgjengelege i Skoleporten, inneheld ikkje data om spesialundervisning, og skoleeigaren må derfor også på dette området bruke andre kjelder for datainnhenting.

Skoleeigaren står elles fritt til å utvide innhaldet i tilstandsrapporten.

Det generelle systemkravet

Den plikta skoleeigaren har til å utarbeide årlege rapportar om tilstanden i opplæringa, er ein del av oppfølgingsansvaret knytt til det generelle systemkravet (internkontroll), jf opplæringslova § 13-10 andre ledd og privatskolelova § 5-2 tredje ledd. Ver merksam på at kravet til internkontroll, omfattar alle pliktene som ligg til skoleeigaren etter lov og forskrift. Det generelle systemkravet er derfor vidare enn det tilstandsrapporten dekkjer.

Personvern

Tal som blir lasta direkte inn frå Skoleporten, kan for små einingar innehalde indirekte identifiserbare opplysningar. Dette kan vere teiepliktige opplysningar etter forvaltningslova § 13 og/eller personopplysningar etter personopplysningslova § 2 nr. 1. Tilsvarande kan òg gjelde for lokale indikatorar. Derfor ei påminning om at desse opplysningane må behandlast i tråd med reglane i forvaltningslova og/eller personopplysningslova.

Merk: Denne versjonen av tilsynsrapporten er på nynorsk. Uttrekk av innhald frå Skoleporten, som ikkje finst på begge målformene, kan likevel vere på bokmål.

Innhald

1. Samandrag	4
2. Hovudområder og indikatorar	5
2.1. Elevar og undervisningspersonale	5
2.1.1. Talet på elevar og lærarårsverk.....	5
2.1.2. Lærartettleik.....	6
2.2. Læringsmiljø	7
2.3. Resultat.....	10
2.3.1. Nasjonale prøver i lesing og rekning og engelsk for 5. steget	10
2.3.2. Nasjonale prøver lesing, rekning og engelsk på ungd. steget.....	13
2.3.3. Standpunktkarakterar	16
2.3.4. Grunnskolepoeng.....	17
2.4. Gjennomføring.....	18
2.4.1. Overgang frå grunnskole til VGO	18
3. System for oppfølging (internkontroll)	19
4. Konklusjon	19

For å oppdatere innholdsfortegnelsen, markerer du denne setningen - så klikker du F9.

1. Samandrag

Denne tilstandsrapporten tek utgangspunkt i dei områder og indikatorar som er gjort framlegg om i Utdanningsdirektoratet sitt oppsett for tilstandsrapporten, men har likevel utvida med fleire indikatorar knytt til elevane sitt læringsmiljø. Elles er denne utgåva av tilstandsrapporten om lag halvvert i sidetal fordi vi presenterer både læringsmiljø og resultat frå nasjonale prøver noko annleis. Elevane sine tilbakemeldingar på læringsmiljøet vert framstilt samla i to tabellar i staden for lage diagram for kvar einskild indikator, og resultat frå nasjonale prøver vert presentert samla for kvart årsteg med utvikling i gjennomsnittsresultat for alle dei grunnleggande ferdigheitene dei vert prøvd i.

Eit arbeidsdokument som synte eit meir detaljert nivå på resultata vart lagt fram for komite for oppvekst, omsorg, helse og kultur i deira møte den 03.09. I møtet gjekk komiteen gjennom dei fram lagde resultata, utan å kome med særskilde vurderingar med omsyn til kommentarar og kommunale målsetjingar. Dette framlegget til tilstandsrapport vert difor no lagt fram til politisk handsaming med rådmannen sine vurderingar og framlegg til lokale mål.

Då tilstandsrapport for forrige skuleår var lagt fram, førelåg det ikkje data i høve læringsmiljø fordi Utdanningdirektoratet frå 2013 hadde valt å flytte gjennomføring av den obligatoriske Elevundersøkinga frå vår til haust. I år har vi på ny med korleis elevane på 7. og 10. årsteg opplever læringsmiljøet sitt, men spørsmåla i elevundersøkinga er endra så mykje at vi ikkje kan samanlikne resultata med tidlegare år. Difor har vi i denne rapporten fokusert på å samanlikne elevane våre sine tilbakemeldingar med fylket og landet.

Som det går fram av både tal og vurdering, er dette eit svært godt utgangspunkt for det vidare arbeidet vårt med elevane sitt læringsmiljø. Sjølv om resultata er svært oppløftande, og ikkje minst i høve indikatoren mobbing, er det likevel viktig å ta med seg at dette er ei tilbakemelding frå berre 2 av 10 årsteg i skulane våre. Også Fylkesmannen sitt tilsyn med korleis vi følgjer opp paragraf 9a-3 i Opplæringslova (om elevane sitt psykososiale miljø), fortel oss at vi har nok å arbeide med framover også på dette området.

Når det gjeld læringsresultata for skuleåret 2013-14 er det både fram- og tilbakegangar. Barnesteget (les 5. årsteg) som i fjor hadde ein flott framgang i prøvinga på fleire av dei grunnleggande ferdigheitene, går noko attende dette året, og det er særleg i engelsk at tilbakegangen er størst. Derimot er det framgang å spore på ungdomsteget, og det årsskullet som gjekk ut av grunnskulen dette året hadde ein score på grunnskulepoeng på heile 43,2. Dette er den høgste scoren vi har hatt på fleire år, og ligg godt over gjennomsnitttal for både kommunegruppe, fylke og nasjonalt. Ein syner vidare til vurderingane som er gjort knytt til dei ulike områda i rapporten.

Avslutningsvis er det likevel viktig å ta med at datagrunnlaget vi måler på i ein liten kommune som Askvoll alltid vil vere litt "spinkelt" sidan årskulla ikkje er større enn 30-40 elevar. Resultat vil difor svinge frå år til år og det kan vere vanskeleg å sjå trendar i utviklinga. Det er difor kanskje vel så spanande å sjå om den einskilte gruppe over tid utviklar seg positivt i høve mestringsnivå, og dette er ei vinkling som vil bli meir vektlagt i dei framtidige rapportane.

2. Hovudområder og indikatorar

2.1. Elevar og undervisningspersonale

Om Elevar og undervisningspersonale

Utdanningsdirektoratet tilrår at skoleeigarane tek med desse indikatorane i tilstandsrapporten:

- talet på elevar og lærarårsverk (sum årsverk for undervisningspersonalet)
- lærartettleik (lærartettleik 1.-7. steget, lærartettleik 8.-10. steget)

2.1.1. Talet på elevar og lærarårsverk

Talet på elevar

Indikatoren opplyser om talet på elevar som er registrerte ved grunnskolar per 1. oktober det aktuelle skoleåret. Indikatoren omfattar barn og unge som etter opplæringslova § 2-1 har rett og plikt til grunnskoleopplæring, og som får denne opplæringa ved ein grunnskole. Tala omfattar ikkje vaksne elevar som får grunnskoleopplæring.

Årsverk for undervisningspersonale

Indikatoren viser summen av årsverk for undervisningspersonalet. Summen inkluderer berekna årsverk til undervisning og berekna årsverk til anna enn undervisning.

Årsverka er berekna ved å dividere årstimar på årsramma. Det er brukt 741 timar på barnesteget og 656 timar på ungdomsteget.

I denne indikatoren høyrer følgjande delskår med: Årsverk til undervisning.

Lokale mål

Skuleeigar ynskjer ein tildelingsmodell på timetalsressurs til skulane som gjer at det vert ein større samanheng mellom elevtal og tal årsverk. Då ser ein bort frå spesialpedagogiske tiltak.

Askvoll kommune skoleeier | Fordelt på periode

Offentleg | Alle | Begge kjønn | Grunnskole

Indikator og nøkkeltall	2009-10	2010-11	2011-12	2012-13	2013-14
Talet på elevar	333	334	338	326	308
» Årsverk for undervisningspersonale	44,7	36,8	43,8	45,9	42,5

Askvoll kommune skoleeier, Grunnskole

Vurdering

Nedgangen i tal årsverk i 2013/2014 var venta sidan både Bulandet og Gjelsvik fekk færre grupper på ungdomssteget på grunn av elevtalsnedgang. Det er i hovudsak tal grupper/klassar som avgjer kor mange lærarårsverk ein treng det einskilde skuleår, og det er difor ikkje ein lineær samanheng mellom tal elevar og årsverk så lenge vi følgjer normer for klassesdeling. Det er likevel eit poeng å ha ein tildelingsmodell på timetalsressurs til den einskilde skule om utjamnar desse hoppa i tal årsverk.

Lærartettleik

Lærartettleik 1.-7. steget

Indikatoren viser gjennomsnittleg lærartettleik på 1.- 7. steget ned på skolenivå. Lærartettleik er rekna ut med utgangspunkt i forholdet mellom elevtimar og lærartimar, og gir informasjon om storleiken på undervisningsgruppa. Indikatoren inkluderer timar til spesialundervisning og til andre lærartimar som blir tildelte på grunnlag av individuelle elevrettar.

Lærartettleik 8.-10. steget


Indikatoren viser gjennomsnittleg lærartettleik på 8.-10. steget ned på skolenivå. Lærartettleik er rekna ut med utgangspunkt i forholdet mellom elevtimar og lærartimar, og gir informasjon om storleiken på undervisningsgruppa. Indikatoren inkluderer timar til spesialundervisning og til andre lærartimar som blir tildelte på grunnlag av individuelle elevrettar.

Lokale mål

Skuleeigar ynskjer ein mogeleg stabil lærartettleik, med der ein større del av timetalet vert nytta til ordinær undervisning og tilpassa opplæring.

Askvoll kommune skoleeier | Samanlikna geografisk

Offentleg | Alle | Begge kjønn | Periode 2013-14 | Grunnskole



Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Vurdering

Askvoll har fleire fådelte skular og eit desentralisert skulemønster, og vi må difor forvente at tal elevar per lærar er lågare enn dei gruppene vi samanliknar oss med. Som ein følgje av dei endringar som er skildra i avsnittet om talet på lærarar og elevar ovanfor, har lærartettleiken gått ned på ungdomssteget (0,3). På barnesteget har vi ein elevtalsnedgang, men denne er ikkje stor nok til at det fører til endringar

i tal grupper. Lærartettleiken har likevel gått ned også der frå førre skuleår, med om lag 0,2 elevar per lærar. Sidan vi nyttar ein relativt stor del av det totale undervisningstimetalet vårt til spesialundervisning, er den reelle lærartettleiken lågare i gruppene (scoren er høgare) enn det som framgår ovanfor.

2.2. Læringsmiljø

Om Læringsmiljø

Det er obligatorisk for skoleeigarar og skoleleiarar å gjennomføre Elevundersøkinga kvar haust for elever på 7. og 10. steget og for Vg1. Ein del av spørsmåla i Elevundersøkinga er sett saman til indeksar som blir viste i Skoleporten. Resultata for alle spørsmåla i Elevundersøkinga blir viste i ein eigen rapportportal.

I tilstandsrapporten er desse læringsmiljøindeksane obligatoriske:

- Støtte frå lærarane
- Vurdering for læring
- Læringskultur
- Meistring
- Elevdemokrati og medverknad
- Mobbing på skolen
- Andel elevar som har opplevd mobbing 2-3 gonger i måneden eller oftare (prosent)

I tillegg har vi teke med indikatorane:

- Trivsel
- Støtte heimanfrå
- Fagleg utfordring
- Motivasjon
- Felles reglar
- Utdannings- og yrkesrettleiing (10. årssteg)

Vi har i denne tilstandsrapporten endra korleis vi presenterer informasjon om læringsmiljø. Vi tek ikkje lenger føre oss kvar indikator, men presenterer alle i to tabellar, ein for 7. årssteg og ein for 10. årssteg. I staden for å sjå utviklinga over tid berre i eigen kommune, har vi denne gongen samanlikna eigen kommune mot resten av fylket og heile landet for skuleåret 2013/2014. Vi har vidare markert tala for eigen kommune med fargar (grøn=over nasjonalt nivå, gul=på nasjonalt nivå, raudt=under nasjonalt nivå)

Forklaring til kva indikatorane står for kjem i eiga oversikt etter dei to tabellane.

Lokale mål

Skuleeigar ynskjer at elevane også framover skal oppleve eit godt læringsmiljø i skulane våre, og at vi også vidare vil sjå framgang på dette området, både i høve oss sjølv og andre. Askvoll kommune skal framleis ha null-toleranse når det gjeld mobbing. Skuleeigar ber difor om at det vert halde eit fagleg høgt fokus på dette målet, slik at oppvekstmiljøet vert best mogeleg.

Læringsmiljø – 7. årssteg

Enhet: Askvoll kommune

Grunnskole, Læringsmiljø, Offentlig, 7.Trinn, Begge kjønn, 2013-2014

Indikator og nøkkeltall	Askvoll kommune	Sogn og Fjordane fylke	Nasjonal
Trivsel	4,6	4,4	4,4
Støtte frå lærarane	4,6	4,4	4,3
Støtte heimanfrå	4,4	4,3	4,3
Fagleg utfordring	3,9	3,9	3,9
Vurdering for læring	4,1	3,9	3,8
Læringskultur	4	3,8	3,8
Meistring	4,1	4	4
Motivasjon	4	3,9	3,9
Elevdemokratii og medverknad	4,2	3,8	3,7
Felles regler	4,5	4,3	4,3
Mobbing på skolen	1	1,3	1,3
Andel elever som har opplevd mobbing 2-3 ganger i måneden eller oftere (prosent)	0	5,1	5,3

Læringsmiljø – 10. årssteg

Enhet: Askvoll kommune

Grunnskole, Læringsmiljø, Offentlig, 10.Trinn, Begge kjønn, 2013-2014

Indikator og nøkkeltall	Askvoll kommune	Sogn og Fjordane fylke	Nasjonalt
Trivsel	4,5	4,3	4,2
Støtte fra lærerne	4,2	4	3,9
Støtte hjemmefra	4,4	3,9	3,9
Faglig utfordring	4,4	4,1	4,1
Vurdering for læring	3,5	3,3	3,2
Læringskultur	4	3,5	3,4
Mestring	4,2	4	3,9
Motivasjon	3,9	3,5	3,5
Elevdemokrati og medverknad	3,7	3,3	3,2
Felles regler	4,4	4	3,8
Mobbing på skolen	1	1,2	1,3

Andel elever som har opplevd mobbing 2-3 ganger i måneden eller oftere (prosent)	0	3,3	5
Utdanning og yrkesveiledning	3,7	3,8	3,7
Indikator	Forklaring		
Trivsel	Indikatoren viser eleven sin generelle trivsel på skulen.		
Støtte frå lærarane	Indeksen viser korleis elevane opplever emosjonell og fagleg støtte frå lærarane. Skala: 1-5. Høg verdi vil seie positivt resultat.		
Støtte heimanfrå	Indeksen viser elevane si oppleving av interessa, støtta og oppmuntringa dei får heimanfrå, når det gjeld skule og skulearbeid.		
Fagleg utfordring	Indikatoren viser elevane si oppleving av faglege utfordringar på skulen.		
Vurdering for læring	Indeksen kartlegg elevane si oppleving av dei fire prinsippa i vurdering for læring. Skala: 1-5. Høg verdi vil seie positivt resultat.		
Læringskultur	Indeksen viser om elevane opplever at skulearbeidet er viktig for klassen, og om det er rom for å gjere feil i læringsarbeidet. Skala: 1-5. Høg verdi vil seie positivt resultat.		
Meistring	Indeksen viser elevane si oppleving av meistring i samband med undervisning, lekser og arbeid på skolen. Skala: 1-5. Høg verdi vil seie positivt resultat.		
Motivasjon	Indeksen viser elevane sin indre motivasjon, interesse og lærelyst for skulearbeidet.		
Elevdemokrati og medverkand	Indeksen viser elevane si oppleving av om det er mogleg å medverke i arbeidet med faga, og om dei får vere med og avgjere klassereglar og delta i elevrådsarbeid. Skala: 1-5. Høy verdi betyr positivt resultat.		
Felles reglar	Indeksen viser om elevane kjenner til skulen sitt reglement, og kor samkøyrde elevane opplever at dei voksne på skulen er i høve til reaksjonar på ordens- og åtferdsreglementet.		
Mobbing på skulen	Gjennomsnittsverdien for indikatoren Mobbing på skolen er berekna ut frå kor mange som opplever at dei blir mobba, og kor ofte dei blir mobba. Verdien viser ikkje talet på elevar som i snitt blir mobba. Ein og same verdi kan anten indikere at mange kryssar av at dei blir mobba sjeldan, eller at færre kryssar av at dei blir mobba hyppig. I Skoleporten tyder eit gjennomsnitt ned mot verdien 1 på lite mobbing i skolen.		
Andel elever som har opplevd mobbing 2-3 ganger i måneden eller oftere (prosent)	Prosentdelen Mobbing på skolen viser den prosentdelen elevar som opplever å bli mobba 2 eller 3 gonger i måneden eller oftere. Prosentdelen elevar som opplever mobbing på skolen, er summen av den prosentdelen elevar som har kryssa av på svaralternativa «2 eller 3 gonger i måneden», «Omtrent 1 gong i veka» og «Fleire gonger i veka». Prosentdelen Mobba på skolen seier med andre ord ingen ting om kor ofte elevane opplever å bli mobba.		
Utdanning- og yrkesrettleiing	Indikatoren viser elevane si oppleving av utdanning og yrkesrettleiing på ungdomsskulen.		

Vurdering

Som det går fram av oppsummeringa ovanfor av elevundersøkinga på 7. og 10. årssteget, opplever dei læringsmiljøet sitt som like godt eller betre enn dei vi samanliknar oss med. Dette eit svært godt utgangspunkt for det vidare arbeidet vårt med elevane sitt læringsmiljø. Sjølv om resultatata er svært

oppløftande, ikkje minst i høve indikatoren mobbing, er det likevel viktig å ta med seg at dette er ei tilbakemelding frå berre 2 av 10 årsteg i skulane våre. Også Fylkesmannen sitt tilsyn med korleis vi fylgjer opp paragraf 9a-3 i Opplæringlova (om elevane sitt psykososiale miljø), fortel oss at vi har nok å arbeide med framover også på dette området.

2.3. Resultat

Om Resultat

Alle elevar som går ut av grunnskolen, skal meistre grunnleggjande ferdigheiter. Dette er ferdigheiter som gjer dei i stand til å delta i vidare utdanning og i arbeidslivet.

I tilstandsrapporten er desse resultatindikatorane obligatoriske:

- nasjonale prøver på 5., 8. og 9. steget i lesing og rekning
- standpunkt- og eksamenskarakterar i norsk hovudmål, matematikk og engelsk
- grunnskolepoeng

Utdanningsdirektoratet tilrår at skoleeigarane tek med følgjande indikatorar i tilstandsrapporten:

- nasjonale prøver i engelsk på 5., 8. og 9. steget

2.3.1. Nasjonale prøver i lesing og rekning og engelsk for 5. steget

Nasjonale prøver i lesing og rekning kartlegg i kva grad ferdigheitene til elevane er i samsvar med mål for dei grunnleggjande ferdigheitene lesing og rekning, slik dei er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06. For rekning inneber det at nasjonale prøver ikkje er ei prøve i matematikk som fag.

Dei nasjonale prøvene i **lesing** omfattar tre aspekt: Elevane skal vise at dei kan:

1. finne informasjon
2. forstå og tolke
3. reflektere over og vurdere form og innhald i teksten

Dei nasjonale prøvene i **rekning** dekkjer tre innhaldsområde:

- tal
- måling
- statistikk

Prøvene i rekning tek utgangspunkt i korleis elevane brukar rekning i ulike faglege og daglegdagse samanhengar. Dette inneber at elevane forstår korleis dei:

- kan løyse ei gitt utfordring
- kan løyse problemet ved hjelp av rekneoperasjonar
- kan vurdere om svara er rimelege
- kan ha effektive strategiar for enkel talrekning


Engelsk er ikkje ein del av dei grunnleggjande ferdigheitene som er integrerte i kompetansemål i læreplanane i alle fag i LK06. Prøvene tek utgangspunkt i kompetansemål i eitt fag – engelsk. Oppgåvene (på 5. steget) er knytte til desse ferdigheitene:

- finne informasjon
- forstå hovudinnhaldet i enkle tekstar
- forstå vanlege ord og uttrykk knytte til daglegliv og fritid
- forstå kva ord og uttrykk tyder ut frå samanhengen dei er brukte i
- bruke vanlege grammatiske strukturar, småord og enkle setningsmønster

Resultata til elevane på nasjonale prøver på 5. steget er presenterte ved ein skala med tre meistringsnivå, der meistringsnivå 1 er lågast. Diagrammet viser gjennomsnittet av elevane sitt meistringsnivå for dei nasjonale prøvene i lesing, engelsk og regning.

Lokale mål

Skuleeigar ynskjer at fleire i dette årskullet skal kome opp på meistringsnivå 2 og 3, og at lesing som grunnleggande ferdigheit må få ei betre utvikling framover.



Askvoll kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, 2009-2014

Vurdering

Vi ser at dette årskullet har lågare gjennomsnittresultat i alle dei grunnleggande ferdigheitene enn tilsvarende årskull året før. Dei grunnleggande ferdigheitene skal øvast på i alle fag, og det er ofte ein slik samanheng i resultat frå gruppe til gruppe. Har du ei gruppe med gode grunnleggande ferdigheiter, vert oftast dei faglege resultata i gruppa også betre. Resultata frå dei nasjonale prøvene skal ikkje nyttast til å vurdere ei gruppe opp mot ei anna, men til å sjå på kva område ein må setje inn tiltak for å få fleire i gruppe til å meistre betre. Går vi bak gjennomsnittstala for denne gruppa, ser vi at det er fleire som er på lågaste meistringsnivået i engelsk og lesing (og i særleg grad engelsk), og det er nok her ein må setje inn ein ekstra innsats for å styrke dette årskullet sine grunnleggande ferdigheiter. Skal vi prøve

å sjå utviklinga over tid er det nok lesing som grunnleggande ferdigheit som det vert scora lågast på, og som heller ikkje har hatt noko positiv utvikling over tid.

2.3.2. Nasjonale prøver lesing, rekning og engelsk på ungd. steget

Nasjonale prøver i lesing og rekning skal kartleggje i kva grad ferdigheitene til elevane er i samsvar med måla for dei grunnleggjande ferdigheitene lesing og rekning, slik dei er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06. Dette inneber at nasjonale prøver i lesing ikkje er ei prøve i norskfaget, og at nasjonale prøver i rekning ikkje er ei prøve i matematikk som fag.

Dei nasjonale prøvene i **lesing** omfattar tre aspekt ved lesing. Elevane viser at dei kan:

1. finne informasjon
2. forstå og tolke
3. reflektere over og vurdere form og innhald i teksten

. Dei nasjonale prøvene i **rekning** dekkjer tre innhaldsområde:

- tal
- måling
- statistikk

Prøvene i rekning tek utgangspunkt i korleis elevane bruker rekning i faglege og daglegdagse samanhengar. Dette inneber at dei:

- forstå og kan reflektere over korleis dei best kan løyse ei gitt utfordring,
- kan løyse problemet ved hjelp av rekneoperasjonar
- kan vurdere om svara dei får er rimelege
- kan vise effektive strategiar for enkel talrekning

Engelsk er ikkje ein del av dei grunnleggjande ferdigheitene som er integrerte i kompetansemål i læreplanane i alle fag i LK06. Prøvene tek utgangspunkt i kompetansemål i eitt fag – engelsk. Oppgåvene for ungdomssteget er knytte til desse ferdigheitene:


- finne informasjon
- forstå og reflektere over innhaldet i tekstar av ulik lengd og forskjellige sjangrar
- rå over eit ordforråd som dekkjer daglegdagse situasjonar
- forstå kva ord og uttrykk tyder ut frå samanhengen dei er brukte i
- forstå bruken av grunnleggjande reglar og mønster for grammatikk og setningstypar

Resultata til elevane på nasjonale prøver på ungdomssteget er presenterte ved ein skala med fem meistringsnivå, der meistringsnivå 1 er lågast. Diagrammet viser gjennomsnittet av elevane sitt meistringsnivå for dei nasjonale prøvene i lesing, engelsk og regning.

Lokale mål


Skuleeigar ynskjer at ein held fram ei god utvikling der stadig fleire elevar kjem på eit høgre meistringsnivå.

Nasjonale prøver – 8. årssteg



Askvoll kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, 2009-2014

Nasjonale prøver – 9. årssteg



Askvoll kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, 2009-2014

Vurdering

Også på ungdomssteget ser vi ei positiv utvikling i dei grunnleggande ferdigheitene, sjølv om det varierer noko frå årskull til årskull, og noko frå ferdigheit til ferdigheit. Det er stadig fleire som meistrar betre, og vi har få elevar på meistringsnivå 1 og 2. Datagrunnlaget i ein liten kommune som Askvoll vil alltid vere litt "spinkelt" sidan årskulla ikkje er større enn 30-40 elevar. Resultat kan difor svinge frå år til år og

det kan vere vanskeleg å sjå trendar i utviklinga. Det er difor kanskje vel så spanande å sjå om den einskilde gruppe over tid utviklar seg positivt i høve mestringsnivå.

2.3.3. Standpunktkarakterar

Standpunktkarakterar og karakterar frå eksamen i grunnskolen og i vidaregåande opplæring utgjer sluttvurderinga. Denne vurderinga gir informasjon om kompetansen eleven har oppnådd i faget ved avslutning av opplæringa, og vurderinga skal ta utgangspunkt i måla i læreplanverket. Graderinga beskriv at karakteren:

- 1 uttrykkjer at eleven har svært låg kompetanse i faget
- 2 uttrykkjer at eleven har låg kompetanse i faget
- 3 uttrykkjer at eleven har nokså god kompetanse i faget
- 4 uttrykkjer at eleven har god kompetanse i faget
- 5 uttrykkjer at eleven har mykje god kompetanse i faget
- 6 uttrykkjer at eleven har framifrå kompetanse i faget

Karakterskalaen er 1-6. Beste karakter er 6. Karakterane er viste som gjennomsnitt.

Lokale mål

Enhet: Askvoll kommune skoleeier

Askvoll kommune skoleeier, Grunnskole, Læringsresultater, Standpunktkarakterer, Offentlig, 2013-2014, Alle, Begge kjønn

Indikator og nøkkeltall	Askvoll kommune skoleeier	K.gr 04	Sogn og Fjordane fylke	Nasjonalt
Engelsk skriftlig standpunkt	3,9	4,0	4,0	3,9
Engelsk muntlig standpunkt	4,1	4,2	4,2	4,2
Fordypning i engelsk standpunkt	4,1	3,6	3,9	3,8
Fransk 1 standpunkt		.	4,4	4,2
Spansk 1 standpunkt		4,6	4,1	4,1
Tysk 1 standpunkt	4,4	4,2	4,2	4,0
Kunst og håndverk standpunkt	4,8	4,5	4,5	4,3
Kroppsøving	5,0	4,7	4,5	4,5
Matematikk standpunkt	3,7	3,8	3,7	3,5
Mat og helse standpunkt	4,7	4,6	4,4	4,4
Musikk standpunkt	4,5	4,4	4,5	4,4
Naturfag standpunkt	4,3	4,2	4,2	4,1
Fordypning i norsk standpunkt		3,7	3,9	3,5
Norsk hovedmål standpunkt	4,2	4,0	3,9	3,8
Norsk sidemål standpunkt	3,8	3,8	3,9	3,7
Norsk muntlig standpunkt	4,6	4,4	4,2	4,2
Religion, livssyn og etikk standpunkt	4,3	4,3	4,2	4,2
Samfunnsfag standpunkt	4,5	4,3	4,3	4,2

Vurdering

Ser vi på standpunktkarakterane og samanliknar oss med fylket og landet, er resultatane dette året svært gode, med eit lite unnatak for engelsk. Slike samanlikningar bør eigentleg gjerast over tid for å sjå om

det er store avvik frå korleis våre eigne lærarar vurderer elevane i høve dei vi samanliknar oss med. Slike avvik kan gje grunnlag for gode faglege refleksjonar.

2.3.4. Grunnskolepoeng


Grunnskolepoeng er eit mål for det samla læringsutbyttet for elevar som får sluttvurdering med karakterar. Karakterane blir brukte som kriterium for opptak til vidaregåande skole. Grunnskolepoeng er rekna ut som summen av dei avsluttande karakterane til elevane, delt på talet på karakterar og gonga med 10.

Dersom det manglar karakterar i meir enn halvparten av faga, skal det ikkje reknast ut poeng for eleven

Grunnskolepoeng er presentert som karaktergjennomsnitt med ein desimal.

Lokale mål

Skuleeigar ynskjer at den gode trenden i grunnskulepoeng held fram



Askvoll kommune skoleeier, Grunnskole, Grunnskolepoeng, 2009-2014

Vurdering

Den positive utviklinga vi har sett i grunnskulepoeng held fram, og resultatet dette er den høgste scoren vi har hatt på fleire år. Vi ligg og godt over gjennomsnitttal for både kommunegruppe, fylke og nasjonalt.

2.4. Gjennomføring

Om Gjennomføring

Alle elevar og lærlingar som er i stand til det, skal gjennomføre vidaregåande opplæring. Kompetansebeviset skal sikre dei vidare studium eller deltaking i arbeidslivet. Utdanningsdirektoratet tilrår at skoleeigarane tek med denne indikatoren: Overgang frå GS til VGO


2.4.1. Overgang frå grunnskole til VGO

Indikatorane for overgang til vidaregåande opplæring gir informasjon om direkte overgang mellom grunnskolen til vidaregåande opplæring.

Informasjon om overgangar i vidaregåande opplæring kan ikkje seie noko direkte om kor stor den delen blir som kjem til å fullføre og bestå vidaregåande opplæring.

Lokale mål

Skuleeigar ynskjer at ein held fast på at 100% overgang til vidaregåande opplæring



Askvoll kommune skoleeier, Grunnskole, Overgangar, 2008-2013

Vurdering

Etter eit fall i 2012 er ein i 2013 attende til at 100% av elevane som avsluttar grunnskulen går over til vidaregåande opplæring same år.

3. System for oppfølging (internkontroll)

Kommunestyret vert i K-081/14 invitert til å gjere vedtak om fylgjande system for arbeid med kvalitet i skular og barnehagar:

1. Ein *kvalitets- og utviklingsplan for skulane og barnehagane i kommunen* over fire år skal vere grunnlaget for arbeidet.

Planen skal utarbeidast med utgangspunkt i analyser av ståstad og organisasjon, ulike brukarundersøkingar og miljø- og trivselskartleggingar ved kvar av skulane og barnehagane, resultat av kartleggingar og data frå nasjonale prøver og eksamen. Skulane og barnehagane sine eigne vurderingar og sentrale program og føringar skal også vere ein del av grunnlaget.

Planen skal ha klare mål og vere tiltaksretta.

Skuleansvarleg/kommunalsjef er ansvarleg for arbeidet med planen.

Planen skal vere samla for heile kommunen, og kvar eining skal ha minst eit tema/fokusområde som er særskilt for eininga.

Rektor/styrar er ansvarleg for arbeidet med planen i kvar eining med medverknad frå tilsette, elevar/born og foreldre.

Kommunestyret vedtek planen etter innstilling frå formannskap/hovudutval/komite.

2. Kvart år skal skulane og barnehagane rapportere til eigar om utviklinga og kvaliteten, med bakgrunn i dei mål og tiltak som er vedteke i kvalitets- og utviklingsplanen. Rapporten må bygge på resultat som brukarundersøkingar og miljø- og trivselsundersøkingar. I meldinga skal det rapporterast om måloppnåing, om utfordringar og behovet for nye og justerte tiltak i høve planen.
3. Skulane og barnehagane skal velje eit av emna/fokusområda i planen som tema for ekstern vurdering etter opplegget i Skuleregion HAFS minst ein gong i fire-årsperioden. Skulane/barnehagane kan også tinge ekstern vurdering på fleire tema/fokusområde. Vurderingsrapporten skal vere eit viktig grunnlag for å vurdere måloppnåing og tiltak.
4. Skule- og barnehageeigar skal gje tilbakemelding/respons på rapportane. Rapport og tilbakemelding skal vere grunnlag for dialogmøte mellom eigar og eining. Dialogmøta skal ende i ei oppfølgingsavtale.
5. Kvart år utarbeider administrasjonen ei kvalitets- og utviklingsmelding for skulane og barnhagane i kommunen. Denne vert handsama i kommunestyret.

4. Konklusjon

Resultata i rapporten syner at ein frå føregåande år har hatt ei flott utvikling på fleire områder når det gjeld både læringsmiljø, læringsresultat og overgang til vidaregåande opplæring. Dette året er det nok i særleg grad læringsresultata i den øvste delen av grunnskuleløpet vårt som syner fin utvikling, og som står seg godt samanlikna med både fylkes- og nasjonale resultat. Både det at det vert fleire på ungdomssteget som meistrar betre og at resultatet av sluttvurderinga etter 10 år i form av grunnskulepoeng, eg gledeleg å ta med seg i det vidare arbeidet.

Det er likevel vanskeleg å samanlikne eitt bestemt årssteg i fjor med tilsvarande årssteg i år, for elevgrunnlaget kan vere svært ulikt. Det er difor meir interessant å sjå utvikling over tid for den same elevgruppa, der målet må vere at dei stadig forbetrarar si mestring. Denne utviklinga kan ein fylgje alt

frå dei første kartleggings-prøvene på 1., 2. og 3. årssteg, via nasjonale prøver i 5., 8. og 9. til standpunktkarakterar/ grunnskulepoeng og eksamenskarakterar på 10. årssteg. I tillegg kan ein sjå på dei same elevane si oppleving av læringsmiljø gjennom elevundersøkinga på 7. og 10. årssteg. Greier vi i løpet av desse åra stadig og gradvis auke å meistringa til elevane samstundes som dei opprettheld trivsel og motivasjon, har vi lukkast i «oppdraget» vårt.

Sjølv om det ikkje går fram av resultatane i denne rapporten, så har omfanget av spesialundervisning i grunnskulen i Askvoll auka dei siste åra. Tabellen nedanfor syner utviklinga på dette området frå skuleåret 2010-11 til det skuleåret vi no er inne i.

	Elevtal	Elevar m/ spes.ped	%-del	Totalt timetal	Timar til spes.ped	%-del	Ass. timar
2014-15	299	24	8,0	28184	6527	23,2	3061
2013-14	308	28	9,1	27815	8177	29,4	2185
2012-13	326	34	10,4	29986	7353	24,5	4152
2011-12	338	29	8,6	28709	6824	23,7	4902
2010-11	334	32	9,6	23494	7495	31,9	3534

Her ser vi at frå skuleåret 2013-2014 gjekk %-delen av elevar med vedtak om spesialundervisning ned, men vi brukte nesten 30% av det totale timetalet til dette føremålet. Når vi samstundes ser at det totale timetalet var det lågaste på 3 år, syner det at timane til ordinær undervisning og tilpassa opplæring vert knappe. Heldigvis er vi inne i eit skuleår der trenden er positiv; tal elevar med vedtak er redusert til 8% og ein større del av det totale timetalet går til ordinær undervisning og tilpassa opplæring. Det er likevel all grunn til å sjå til at denne utviklinga ikkje snur, og på bakgrunn av dette held skuleeigar fast på fylgjande målsetjing:

Skuleeigar ønskjer meir tilpassa opplæring framfor spesialundervisning, og tidlegare innsats/førebygging framfor seinare reparasjon.

Askvoll-skulane kom i fjor med i første pulje av den statlege storsatsinga på «Ungdomssteget i utvikling». I HAFS-regionen (der alle kommunane unnateke Solund er med i første pulje) har vi sett tittelen på dette utviklingsarbeidet til «MOTIVASJON OG MEISTRING» der vi ynskjer å involvere alle skolane i regionen. Denne satsinga, og korleis det vil påverke både utviklings- og kompetansetiltak, og ikkje minst arbeidet som skjer i det einskilde klasserom, skal framover vere vår viktigaste reiskap til også å forbetre oss på dei områda denne tilstandsrapporten peikar på.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Askvoll kontrollutval	Møtedato 05.12.2014	Saksnr 029/14
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-040	Arkivsaknr.: 14/327
---	-------------------------	-------------------------------

Rådmannen informerer om Askvoll kommune sitt arbeid med elevane sitt psykososiale miljø

Vedlegg:

Dok.dato 24.11.2014	Tittel Askvoll kommune sitt svar på tilsynsrapport.pdf	Dok.ID 917
-------------------------------	--	----------------------

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tek informasjonen om Askvoll kommune og Askvoll skule sitt arbeid med elevane sitt psykososiale miljø til vitande.

.

Saksutgreiing:

Kontrollutvalet i Askvoll gjorde følgjande vedtak i sak 025/14 Eventuelt i møte 18.9.2014:

Kontrollutvalet ber om å få tilsendt svar som vert gitt til Fylkesmannen sin tilsynsrapport om skulen sitt arbeid med elevane sitt psykososiale miljø datert 7.8.2014.

Rådmannen vert kalla inn på neste møte i kontrollutvalet 5. desember for å informere om kva som er gjort i forhold til dette.

Vedtaket vart sendt til Askvoll kommune i e-post datert 25.9.2015, der vi ba om at svarbrevet frå Askvoll kommune til Fylkesmannen vart sendt til SEKOM innan 15.11.2014.

Vi mottok e-post datert 24.11.2014 frå Askvoll kommune, vedlagt svarbrev til Fylkesmannen på tilsynsrapport om skulen sitt arbeid med elevane sitt psykososiale miljø.

Kommunalsjef for oppvekst Kristen Holt og rektor Frank Ask ved Askvoll skule, vil møte i kontrollutvalet 5. desember, for å informere om kva Askvoll kommune har gjort i forhold til elevane sitt psykososiale miljø.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Statens Hus Sogn og Fjordane
Njøsavegen 2

6863 LEIKANGER

Vår ref.
14/112-6

Dykkar ref.

Arkiv
K2-B30, K3-&58

Dato:
23.11.2014

Askvoll kommune sitt svar på tilsynsrapport

Vi syner til dykkar tilsynsrapport, datert 7. august 2014, om Askvoll kommune og Askvoll skule sitt arbeid med elevane sitt psykososiale miljø, jamfør kapittel 9a i opplæringslova. Tilsynet med påfølgjande rapport avdekka lovbrøt innanfor alle dei tre overordna formåla med tilsynet:

- at skuleigarar og skuleleiarar driv eit aktivt og førebyggjande arbeid for å sikre elevane eit psykososialt miljø
- at skuleeigarar og skuleleiarar syter for at dei tilsette på ein tilfredsstillande måte handterer krenkjande åtferd som dei får kunnskap eller mistanke om
- at skuleeigar og skuleleiarar syter for at elevar, foreldre, råd og utval blir involverte og engasjerte i skulemiljøarbeidet.

Askvoll kommune fekk i tilsynsrapporten ein frist til 07.11.2014 (seinare forlenga med 14 dagar) for å rette lovbrota, og innan den tid sende Fylkesmannen ei erklæring om at dei ulovlege forholda er retta, og ei utgreiing om korleis lovbrota er retta. Denne tilbakemeldinga er Askvoll kommune sitt svar på dette.

Askvoll skule har lagt ned ein omfattande innsats denne hausten for å rette dei lovbrota som vart avdekke ved tilsynet. Dei har endra og tydeleggjort rutinar, planar og strategiar, og har også utarbeidd nye verktøy som skal hjelpe alle partar i skulemiljøet både å melde frå og å handle når ein får kjennskap til elevar vert utsett for krenkande ord og handlingar. Skulen sitt arbeid har også vorte teke opp som tema i rektorkollegiet med tanke på at dette kan bli felles mal for alle skulane i kommunen si oppfølging av kap. 9a i Opplæringslova. Både oppvekstkomiteen og kommunestyret har vorte orientert om funna i tilsynsrapporten, og i byrjinga av desember ynskjer kommunen sitt kontrollutval få ei tilbakemelding om kva skulen har gjort for å rette lovbrota.

Tilbakemeldingane som fylgjer nedanfor er organisert etter dei same områda som i tilsynsrapporten, der vi innanfor kvart område omtalar kva som er gjort for å rette dei ulike lovbrota som rapporten peikar på.

Førebyggjande arbeid ved skule, §9-4, jf. 9a-3 første ledd

Utforme strategiar og konkrete rutinar for korleis skulen skal realisere lovkrava og eigen visjon og mål for skulemiljøet

Skulen har gått gjennom Plan for oppfølging av 9A (sjå vedlegg) denne hausten. Då med særskilt vekt på dei rutineane skulen har for oppfølging av elevane sitt psykososiale miljø. Det er utarbeidd eit eige årshjul (sjå vedlegg) for å systematisere arbeidet med skulemiljøet, der ein får med både kva kvar klasse gjer, og kva skulen i fellesskap har av tiltak. I kollegiet har skulen brukt mykje tid på å kartlegge og systematisere det som vert gjort i klassane, på stega og for heile skulen. Skulen ser behovet for at dei har ein plan på dette, då det lett kan verte læraravhengig kva som vert gjennomført frå år til år i dei ulike klassane. Det skal framleis vere rom for at kvar lærar kan gjere tiltak utover det som er fastsett i årshjulet, men årshjulet skal syne det som er forventa vert gjennomført. Årshjulet er og utgangspunkt i skulen sitt team-arbeid. Teama har sett opp kva konkret dei skal arbeide med i team-møta kvar veke gjennom heile året.

Skulemiljøutvalet på skulen skal ta aktivt del i arbeidet med det psykososiale miljøet til elevane, og skal orienterast om resultatet av elevundersøkinga. I denne samanheng syner ein og til vedlagde «Rutine og årshjul for skulemiljøutval og samarbeidsutval».

Ut over dette har kommunestyret som skuleeigar i sitt møte den 12. november gjort vedtak om at «System for arbeidet med kvalitet i skular og barnehagar i Skuleregion HAFS» (sjå vedlegg) også skal vere gjeldande for Askvoll kommune. Sentralt i dette arbeidet står ein fire-årig kvalitets- og utviklingsplan som m.a. skal ta utgangspunkt i brukarundersøkingar og miljø- og trivselskartleggingar ved kvar av skulane. Planen sine mål og tiltaksdel skal både vere grunnlag for rapportering frå skule til skuleeigar, dialog mellom desse, vere tema for ekstern vurdering og danne grunnlag for ei årleg kvalitets- og utviklingsmelding til eigar (tidlegare tilstandsrapport).

Vi er no inne i arbeidet med å utforme fellesdelen av planen som vil gjelde for alle skulane i kommunen, og legg ved ei visuell framstilling av det som vil vere Askvoll-skulane sin felles utviklingsstrategi for perioden 2015-2018. Strategien krinsar rundt det vi har kalla «Den gode timen», som er ei anna nemning for elevane sitt læringsmiljø, og m.a. elevane sitt psykososiale miljø vil stå sentralt i dette arbeidet i heile planperioden.

Utarbeide rutinar for systematisk evaluering av arbeidet med skulemiljøet.

Årshjulet for arbeidet med skulemiljøet er utgangspunkt for når dei ulike tiltaka skal evaluerast. For at arbeidet med skulemiljøet skal verte systematisk, er stadig evaluering av det arbeidet som vert gjort viktig. Skulen ynskjer å bruke og sette av endå meir tid til dette. Ein god plan, er ein føresetnad for at den vert overhaldt og fylgt. Planen må difor vere til evaluering kvart år. Naturleg tidspunkt for dette meiner vi er om våren. Då kan ein legge til eller ta vekk tiltak.

Det individretta arbeidet ved skulen, § 9a-3, andre og tredje ledd

Askvoll skule informerer alle som har sitt virke på skulen om handlingsplikta og sikrar at alle forstår innhaldet i praksis.

For at alle skal kjenne til handlingsplikta er det utarbeidd eit skjema (sjå vedlegg), der dei som er informert om handlingsplikta skriv under kvar haust. Det er rektor som er ansvarleg for at dette vert

gjort. Rektor skal informere alle som har sitt virke på skulen om handlingsplikta. Omtalt i Plan for oppfølging av §9A. Det er og viktig å informere og ha dialog med skysselskapa som transporterer elevane til og frå skulen om dette.

I tillegg skal foreldra informerast om at det kan fattast einskildvedtak i einskildsaker dersom foreldra eller eleven ynskjer dette. Foreldra og skulen skal ha ei felles forståing av eit slikt vedtak, og kva konsekvensar dette får, m.a. at ein har klagerett.

Oppvekstsjefen skal ikkje ha kopi av einskildvedtaka som vert fatta på skulane, men tal vedtak som er gjort skal inngå som ein del av tilbakemeldinga om skulen sitt arbeid med elevane sitt psykososiale miljø i tilstandsrapporten til skuleeigar om våren.

Det er kvar veke i fellesmøta mellom lærarane og administrasjonen sett av tid til gjennomgang av innkomne meldeskjema, I desse møta vert sakene omtalt kvar for seg. Lærarane får vite om hendingar på skulen, og dei vert klare over kva ein må sjå etter i timar og friminutt. Dei får og kjennskap til tiltak som er gjort/sett i verk. Ved den faste gjennomgangen om 9A i fellesmøte, vert det naturleg å kjenne til handlingsplikta.

Askvoll skule implementerer eit forsvarleg system for varsling til skuleleiinga:

Skulen hadde tidlegare ei loggbok der ein førte brot på §9A-3. Loggboka var tema på alle fellesmøte. Skulen har utarbeidd eit meldeskjema(sjå vedlegg) som skal nyttast i staden for loggbok. Skjemaet skal nyttast ved alle hendingar der det er mistanke om krenkande ord og handlingar mot elevar. Skjemaet er plassert på lærarane sitt pauserom, på kopirom, hos vaktmeister, reinhaldar og på SFO. Skjemaet ligg òg elektronisk tilgjengeleg for alle tilsette. Skjemaet skal leverast til rektor omgåande. Rektor og melder vert einige om tiltak i samråd med kontaktlærar (vedl. Handlingsplan mot mobbing).

Vedlegg: Meldeskjema for tilsette
Meldeskjema for føresette

- Informasjonshefte som kva heim får rett etter skulestart skal innehalde meldeskjemaet for føresette. Skjemaet ligg og tilgjengeleg på skulen si heimeside.

Handlingsplan mot mobbing

Askvoll skule fattar enkeltvedtak når elevar eller foreldre ber om tiltak

Det er i rutinane i Plan for oppfølging av §9A og i skulen sin Handlingsplan mot mobbing, presisert om retten til einskildvedtak og skulen si plikt til å informere om denne. Informasjon om retten til einskildvedtak skal takast opp i klasseforeldremøta om hausten, og dette er det også informert om i skulen sitt informasjonsheftet til føresette. Retten til einskildvedtak er òg informert om på heimesida til skulen.

Skulen ser at bruk av einskildvedtak er ein god måte til å systematisere tiltak som vert sett inn for å betre ein elev sin kvardag. Eit slikt vedtak set og føringar for eit godt og tydeleg samarbeid mellom skule og heim. Skulen ser og nytten av å arbeide med tiltak i slike saker. Tiltak for å betre tilhøva rundt elevar med vanskar/utfordringar, er tema under utviklingsøktene til lærarane.

Brukarmedverknad, §§ 9a-5, 9a-6 og kapittel 11

Gjennomfører jamlege møte i samarbeidsutval og skulemiljøutval gjennom skuleåret med skilde saklister og referat.

Her syner vi til vedlagde «Rutine og årshjul for skulemiljøutval og samarbeidsutval. Rutinane omhandlar både konstituering, organisering av utvala og formalier kring saklister og referat, samt at skuleeigar gjennom kopi av referat kan halde seg orientert om arbeidet i samarbeidsutvalet. Tilbakemelding om skulemiljøutvalet sitt arbeid vil få plass i eit eige avsnitt i skulen si årlege rapportering til skuleeigar, vere tema på dei årlege dialogmøta mellom skule og skuleigar og dessutan omhandlast i kvalitets- og utviklingsmeldinga som skal handsamast i kommunestyret. Dei generelle rutinane skal gjelde som eit minimum for utvala på alle skulane, men kvart utval kan sjølvstøtt supplere desse så lenge ein held seg innan for lovverket som gjeld.

Informerer om alt som er viktig for skulemiljøet til skulemiljøutvalet slik at utvalet kan drøfte sakene og eventuelt gje uttale.

Saman med rutinane for skulemiljøutval og samarbeidsutval, har ein også laga eit framlegg til årshjul for arbeidet i desse utvala. Opplisting av saker og tal møter er ikkje utfyllande, men årshjulet peikar på nokre områder som skal takast opp i utvala.

Som synt innleiingsvis så har tilsynet ført til mykje positiv merksemd kring eit svært viktig tema for dei som skal vere vårt hovudfokus – eleven. . Vi må difor vone at dette vil føre til at elevane i Askvoll får eit endå betre psykososiale miljø, og at auka trivsel og meistring vil gje dei motivasjon for endå meir læring.

Sjølv om vi med denne utgreiinga ynskjer å melde frå til Fylkesmannen at dei ulovlege forholda er retta, så vil dette likevel vere eit område som vi aldri vil verte ferdig med å forbetre oss på. Gjennom systematisk arbeid med planar, verktøy og rutinar framover, og evaluering av desse, må vi ha som mål å bli stadig betre i det å gje elevane våre ei oppleving av eit godt og inkluderande skulemiljø.

Med helsing

Kristen Holt
kommunalsjef oppvekst

Direkte tlf.: 57 73 07 21

Kopi til:

Askvoll skule
SEKOM-sekretariatet

Postboks 338

6980 ASKVOLL
6802 FØRDE

Askvoll skule har som mål å vere ein trygg og god arbeidsplass for alle i skulesamfunnet, med fokus på kunnskap, lærelyst og meistring i eit inkluderande fellesskap.

PLAN FOR OPPFØLGING AV OPPLÆRINGSLOVA § 9A Askvoll skule



Handsama i utval/råd:	Saksnr.	Dato	Frammøte
Skulemiljøutval			
Elevråd			

KAPITTEL 9A I OPPLÆRINGSLOVA – ELEVANE SITT SKULEMILJØ.

§ 9a – 1

Generelle krav

Kapittel § 9a i opplæringslova om elevane sitt skulemiljø slår fast at:

«Alle elevar i grunnskolar og vidaregåande skolar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring».

Saman med lovparagrafane 11-1a og 11-5a gjev kapittel 9a elevar og foreldre medråraderett i forhold som gjeld skulemiljøet, og rett til å klage til fylkesmannen dersom skuleeigaren ikkje tek oppmodingar alvorleg. Skuleeigaren og skulen har tydelege plikter når det gjeld rutinar og tiltak som skal sikre elevane gode og helsefremjande arbeidsforhold.

Kapittel § 9a, vert gjerne omtala som elevane si arbeidsmiljølov.

§ 9a – 2.

Det fysiske miljøet

«Skolane skal planleggjast, byggjast, tilretteleggjast og drivast slik at det blir teke omsyn til tryggleiken, helsa, trivselen og læringa til elevane.»

«Det fysiske miljøet i skolen skal vere i samsvar med dei faglege normene som fagmyndigheitene til kvar tid anbefaler. Dersom enkelte miljøtilhøve avvik frå desse normene, må skolen kunne dokumentere at miljøet likevel har tilfredsstillande verknad for helsa, trivselen og læringa til elevane.»

« Alle elevar har rett til ein arbeidsplass som er tilpassa behova deira. Skolen skal innreiast slik at det blir teke omsyn til dei elevane ved skolen som har funksjonshemmingar.»

«Dersom ein elev eller forelder, eller eit av råda eller utvala ved skolen der desse er representerte, ber om tiltak for å rette på fysiske miljøtilhøve, skal skolen snarast mogleg behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Om skolen ikkje innan rimeleg tid har teke stilling til saka, vil det likevel kunne klagast etter føresegnene i forvaltningslova som om det var gjort enkeltvedtak.»

Rutinar

1. § 9a- 2 vert lagt til grunn ved planlegging og gjennomføring av rehabilitering, oppussing og ved nybygg.
2. Krava til det fysiske skulemiljøet er nedfelt i " Forskrift om miljørettet helsevern for barnehager og skoler", § 9, 13, 14, 18, 19, 20 og 21. Vurdering ein gong i året opp mot retningslinjene i forskrifta.
3. Årshjul vaktmeistrar, teknisk etat og el-installatør, samt vernerunde rektor/verneombod to gonger i året.
4. Avviksmeldingar: V-pro (vedlikehaldsprogram). System for tilsette for å kunne melde ifrå om manglar/reperasjonar/ettersyn vedrørande vedlikehald til vaktmeistersentral. Meldeskjema på personalrom.
5. Reinholdsplanen vert gjennomgått i samarbeid med reinholdspersonale kvart år. Nødvendig opplæring til vikarar vert gjeve. Ny reinholdsplan sett i verk 2013.
6. Elevar: Ordenselev i klassane med klare oppgåver. Klasseråd, elevråd, SU/Skulemiljøutval.
7. Symjeopplæring: Livredningskurs vert halde to gongar i året for alle tilsette som har symjeundervisning.
8. Skader på elevar i skuletid: Om naudsynt kontakte lege, melde frå til føresette om skade, skrive skademelding.
9. Informasjon/samarbeid med skysselskap vedkomande sikring i buss/drosje. Informasjon til elevar og føresette.
10. Inneklima: Ventilasjon og inne-temperatur vert styrt av datasystem og kan overstyrt av vaktmeister. Målingar av luftkvalitet vert registrert dagleg.
11. Samarbeid heim-skule: Foreldrerådsmøte, klasseforeldremøte og elev- og foreldresamtalar der eitt av tema på samtalanane er det fysiske arbeidsmiljøet.
12. Handsaming av eventuelle klager innan to veker.

§ 9a – 3.

Det psykososiale miljøet

«Skolen skal aktivt og systematisk arbeide for å fremje eit godt psykososialt miljø, der den enkelte eleven kan oppleve tryggleik og sosialt tilhør.»

«Dersom nokon som er tilsett ved skolen, får kunnskap eller mistanke om at ein elev blir utsett for krenkjande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal vedkommande snarast undersøkje saka og varsle skoleleiinga, og dersom det er nødvendig og mogleg, sjølv gripe direkte inn.»

«Dersom ein elev eller forelder ber om tiltak som vedkjem det psykososiale miljøet, deriblant tiltak mot krenkjande åtfærd som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal skolen snarast mogleg behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Om skolen ikkje innan rimeleg tid har teke stilling til saka, vil det likevel kunne klagast etter føresegnene i forvaltningslova som om det var gjort enkeltvedtak.»

Rutinar

1. Ordensreglementet til Askvoll skule (vedteken i Samarbeidsutvalet 15.11.2010). Informasjon om ordensreglementet vert gjennomgått i personale, klassevis med elevane og på foreldremøte kvart år ved skulestart. Ordensreglementet ligg tilgjengeleg på skulen sine nettsider og er med i skulen sitt infoskriv. Reglementet uttrykker forventingar til m.a. korleis elevar skal oppføre seg mot kvarandre på skulen. Ordensreglementet og Plan for arbeidet med det psykososiale miljøet ligg til grunn i arbeidet for å oppnå skulen sin visjon.
2. Informasjon til tilsette som har sitt virke på skulen om handlingsplikta kvar haust før skulestart. Underskrift når ein er gjort kjend med denne.
3. Handlingsplan mot mobbing (vedteken i SMU nov.2014).

Askvoll skule har som mål å vere ein trygg og god arbeidsplass for alle i skulesamfunnet, med fokus på kunnskap, lærelyst og meistring i eit inkluderande fellesskap.

4. Meldeskjema for tilsette ved einskilde/enkeltstående tilfelle av krenkande ord eller handlingar. Vert levert rektor og teke opp i felles personalmøte kvar veke.
5. Meldeskjema for føresette. Skjema foreldre kan nytte for å melde om brot på §9a- 3. Skjema ligg på skulen si heimeside.
6. Merknadssystem: Merknader for mindre brot på skulen sitt ordensreglement vert ført i Hypernet, skulen sitt system for fråvær- og merknadsføring.
7. Utviklingsarbeid for lærarar. Avsett tid til utviklingsarbeid for alle lærarane kvar veke, med fokus på elevane si læring og trivsel.
8. Kvar klasse utarbeider sine klassereglar. Læringsmiljø skal vere eit gjennomgåande tema i dei ulike klassane.
9. Arbeid med positivt skulemiljø gjennom aldersblanding (1-16 år),gjennomføring av aktivitetsdagar, ulike fellesarrangement som t.d. julegraut, juleverkstad, juleavslutning, karneval, fjellturar, skidag, sommaravslutning, diverse skuleturar.
10. Gjennomføring av "Elevundersøkelsen" på 5. – 10. trinn kvart år. Resultatet av denne vert handsama i kollegiet, klassevis, i elevråd og SMU.
11. Klasseforeldremøte ved skulestart om hausten. Elev- og foreldresamtalar minst to gonger i året. Eleven sin trivsel eitt av hovudmomenta i samtalen.
12. Elevråd, FAU, SU og SMU skal vere konstituert innan 1. oktober.
13. Henstillingar vedkomande elevane sitt psykososiale miljø vert behandla så raskt som råd er, og seinast innan 14 dagar frå saka er motteken. Føresette kan nytte meldeskjema som ligg på heimeside. Elev og føresette skal takast på alvor når dei bed om tiltak. Føresette skal informerast om retten til einskildvedtak. Skulen skal i samarbeid med føresette utarbeide tiltak. Rektor har ansvar for oppfølging av vedtaket i samråd med kontaktlærar.
14. Inspeksjon i friminutt. Det er utarbeidd rutinar for inspeksjon og eigen vaktplan for inspeksjon.
15. Helsesysterordning. Helsesyster har fast dag ved skulen kvar måndag. Elevane kan sjølv ta kontakt. Helsesyster gjennomfører 8.klasseundersøkinga kvart år.
16. Samarbeid med PPT. Informasjonsskriv om PPT til heimane kvart år ved skulestart. PPT vert nytta til rådgjeving i einskildsaker og systemsaker. Årleg klassegjennomgang.

§ 9a – 4.
Systematisk arbeid for å
fremje helsa, miljøet og
tryggleiken til elevane
(internkontroll)

” Skolen skal aktivt drive eit kontinuerleg og systematisk arbeid for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i eller i medhald av dette kapitlet blir oppfylte. Skoleleiinga har ansvaret for den daglege gjennomføringa av dette. Arbeidet skal gjelde det fysiske så vel som det psykososiale miljøet.»

«Elevane skal engasjerast i planlegginga og gjennomføringa av det systematiske arbeidet for helse, miljø og tryggleik ved skolen. Skolen skal leggje oppgåver til rette for elevane etter kva som er naturleg for dei enkelte årstrinna.»

«Elevrådet kan nemne opp skolemiljørepresentantar til å vareta elevane sine interesser overfor skolen og myndigheitene i saker som har med skolemiljøet å gjere. Skolemiljørepresentantane deltek i planlegginga og gjennomføringa av det systematiske helse-, miljø- og tryggingarbeidet ved skolen i den grad det vedkjem skolemiljøet for elevane.»

«Elevane kan møte med inntil to skolemiljørepresentantar i arbeidsmiljøutvalet eller anna samarbeidsorgan der eit slikt er oppretta ved skolen i samsvar med arbeidsmiljøloven kapittel 7, når dette behandlar spørsmål som vedkjem skolemiljøet for elevane. Skolemiljørepresentantane har da talerett og rett til å få meininga si protokollert. Skolemiljørepresentantane skal ikkje vere til stades når utvalet behandlar saker som er omfatta av teieplikt etter lover eller forskrifter.»

«Skolemiljørepresentantane har rett til den informasjon som trengst for oppdraget, så langt informasjonen ikkje er omfatta av teieplikt etter lover eller forskrifter.»

«Skolemiljørepresentantane har rett til den opplæring og det fritak frå undervisningstimar som trengst for å skjøtte oppgåvene.»

Rutinar

1. Askvoll skule har nulltoleranse for mobbing. Mobbing og krenkande ord og handlingar skal meldast til leiinga omgåande (meldeskjema).
2. Handlingsplanen mot mobbing skal syne kva skulen gjer for å avdekke, løyse og førebygge mobbing. Den ferdige planen inneheld prosedyrar, tiltak og faglege prinsipp som dei tilsette ved skulen skal følge.
3. Dersom mobbing vert avdekka skal tiltak settast i verk. Føresette skal informerast om retten til einskildvedtak. Alle tilsette på skulen har felles ansvar for å avdekke og melde om krenkande ord og handlingar. Ved å ha fokus på læringsmiljø og trivsel – skal vi ha ei aktiv haldning mot mobbing og anna negativ åtferd. Positiv involvering, gode beskjedar, auka tilsyn i friminutt og god klasseleiing er verktøy for dei tilsette ved skulen.
4. Elevrådet nyttar "Idèhefte mot mobbing" i arbeidet med elevane sitt psykososiale miljø. Forutan informasjon om mobbing, inneheld det forslag til mange ulike aktivitetar i klasseromma. Internett er ein arena elevrådet kan nytte for å finne gode idear i arbeidet mot mobbing.
Elevrådet skal vere ein støttespelar for å gjere skulen sitt fysiske miljø best mogleg. Det gjeld utarbeiding av uteområde og
5. Vernerunde ved verneombod og rektor jf. HMT-plan
Årshjul vaktmeister, teknisk etat, el-installatør
Branntilsyn/opplæring og øving ved brannvernleiar og vaktmeister
6. Kontinuerleg kontroll
Meldeskjema/avviksskjema - V-pro systemet
Orden og reinhald i skulebygget av pedagogisk personale og reinhaldarar

§ 9a – 5.
Informasjonsplikt og uttalerett

«Samarbeidsutvalet, skoleutvalet, skolemiljøutvalet og dessutan elevrådet og foreldrerådet skal haldast løpande underretta om alle tilhøve – deriblant hendingar, planar og vedtak – som har vesentleg betydning for skolemiljøet. Råda og utvala har på førespurnad rett til å få framlagt dokumentasjon for det systematiske helse-, miljø- og tryggleiksarbeidet ved skolen.»

«Råda og utvala som er nemnde i første ledd, skal så tidleg som mogleg takast med i planlegginga og gjennomføringa av miljøtiltak ved den enkelte skolen, og har rett til å uttale seg og komme med framlegg i alle saker som har betydning for skolemiljøet.»

«Dersom skolen blir klar over tilhøve ved skolemiljøet som kan ha negativ verknad for helse til elevane, skal elevane og dei føresette snarast mogleg varslast om det.»

Rutinar:

1. Møte i Elevråd/FAU/SU/Skulemiljøutvalet med referat som vert lagt ut på heimesida til skulen
2. Årleg tilstandsrapport – til oppvektssjef og vidare til kommunestyret.

Arshjul for arbeid med elevane sitt psykososiale miljø Askvoll skule



Månad	Aktivitet	Ansvarleg	Ansvar for evaluering
August	- Informasjon om §9a, handlingsplikta til alle med virke på skulen. - Gjennomgang av skulen sine rutinar - Ein planleggingsdag nytta til utviklingsarbeid for lærarane - Utarbeide klassereglar - Val av elevrådskontakt i kvar klasse - Samling 1. skuledag med alle elevane.	Rektor Rektor/tilsette Kontaktlærar Rektor	Rektor/tilsette
September	- Konstituere elevrådet - Val av elevrepr. til skulemiljøutvalet - Elevsamtalar - Foreldremøter, kva kan foreldre bidra m.o.t. trivselstiltak i klassane. - Kalle inn foreldrerepresentantane og konstituere SU og SMU, opplæring - Fjelldag for alle elevane - Den kulturelle skulesekken	Elevrådsleiar Kontaktlærar Rektor Tilsette Elevrådskontakt/elevrådsleiar	Rektor/tilsette
Oktober	- Møte i elevrådet - OD-dag - Gjennomføre elevundersøkinga på 5.-10 steg. - Hospiteringsveke for 10. klasse i VGS. - Lærarteama planlegg trivselstiltak - Foreldresamtalar	Elevrådskontakt/elevrådsleiar Rektor/kontaktlærar Rådgjevar Teamleiar/tilsette Kontaktlærar	Rektor/tilsette Kontaktlærar i klasselærarmøte

Arshjul for arbeid med elevane sitt psykososiale miljø Askvoll skule

November	- Møte i SU og SMU - Møte i elevrådet - Den kulturelle skulesekken	Rector Elevrådskontakt/elevrådsleiar	Rector/tilsette
Desember	- Julefest for 1.-7. klasse - Møte i elevrådet - Gjennomgå elevundersøkinga §9A - Juleverkstad - Juleavslutting i idrettshallen med graut, song og program frå alle klassane, inviterer dei eldste frå barnehagen.	Team 1-4, og 1-7 Elevrådskontakt/elevrådsleiar Rector/tilsette	Rector/tilsette Rector/tilsette
Januar	- Møte i elevrådet - Møte i SU og SMU - Elevsamtalar	Elevrådskontakt/elevrådsleiar Rector Kontaktlærar	Rector
Februar	- Møte i elevrådet - Den kulturelle skulesekken - Matematikkdag 1.-10. kl - Elev- og foreldresamtalar	Elevinspektør Elevrådskontakt/elevrådsleiar Tilsette Kontaktlærar	Rector /tilsette Kontaktlærar i klassemøte
Mars	- Møte i elevrådet - Leirskule for 8. klasse - Hospitering for 9. klasse i VGS - Arbeidsveke 9. klasse - Klassegjennomgang PPT - Søknad om spesialundervisning	Elevrådskontakt/elevrådsleiar Kontaktlærar Rådgjevar Kontaktlærar Rector/PPT/kontaktlærar Rector og kontaktlærar	Elevrådsleiar Rector/tilsette Rector og PPT

Årshjul for arbeid med elevane sitt psykososiale miljø Askvoll skule

April	- Møte i elevrådet - Innskriving 1. klasse	Elevrådskontakt/elevrådsleiar Rektor	Rektor /tilsette
Mai	- Møte i elevrådet - Møte i SU og SMU - Den kulturelle skulesekken - Tinestafetten 5.-10. kl	Elevrådskontakt/elevrådsleiar Rektor Kroppsøvningsansvarleg	Elevrådskontakt
Juni	- Aktivitetsveke for alle elevane - Avslutting for 10. klasse, 9. klasse organiserer og lagar til. - Samling for elevane som skal begynne i 8. klasse med foreldre - Evaluerer plan for oppfølging av elevane sitt psykososiale miljø - Skrive årsrapport for kvar klasse og for elevane med IOP. - Tilstandsrapport for skulen	Tilsette Rektor og rådgjevar Tilsette Rektor /inspektør Kontaktlærar Rektor	Rektor og tilsette

Gjennom heile skuleåret: Samarbeid med helsesøster, PPT, BUP og barnevern. Utviklingsarbeid kvar veke med fokus på elevane sin trivsel og meistring («Den gode timen»). Elevane skrivlogg og elevane sitt skulemiljø er fokus i kvar klasse. Stadig påminning om god åttferd.

System for arbeidet med kvalitet i skule og barnehage i Skuleregion HAFS.

1. Ein *kvalitets- og utviklingsplan for skulane og barnehagane i kommunen* over fire år skal vere grunnlaget for arbeidet.

Planen skal utarbeidast med utgangspunkt i analyser av ståstad og organisasjon, ulike brukarundersøkingar og miljø- og trivselskartleggingar ved kvar av skulane og barnehagane, resultat av kartleggingar og data frå nasjonale prøver og eksamen. Skulane og barnehagane sine egne vurderingar og sentrale program og føringar skal også vere ein del av grunnlaget.

Planen skal ha klare mål og vere tiltaksretta.

Skuleansvarleg/kommunalsjef er ansvarleg for arbeidet med planen.


Planen skal vere samla for heile kommunen, og kvar eining skal ha minst eit tema/fokusområde som er særskilt for eininga.

Rektor/styrar er ansvarleg for arbeidet med planen i kvar eining med medverknad frå tilsette, elevar/born og foreldre.

Kommunestyret vedtek planen etter innstilling frå formannskap/hovudutval/komite.

2. Kvart år skal skulane og barnehagane rapportere til eigar om utviklinga og kvaliteten, med bakgrunn i dei mål og tiltak som er vedteke i kvalitets- og utviklingsplanen. Rapporten må bygge på resultat som brukarundersøkingar og miljø- og trivselsundersøkingar. I meldinga skal det rapporterast om måloppnåing, om utfordringar og behovet for nye og justerte tiltak i høve planen.
3. Skulane og barnehagane skal velje eit av emna/fokusområda i planen som tema for ekstern vurdering etter opplegget i Skuleregion HAFS minst ein gong i fire-årsperioden. Skulane/barnehagane kan også tinge ekstern vurdering på fleire tema/fokusområde. Vurderingsrapporten skal vere eit viktig grunnlag for å vurdere måloppnåing og tiltak.
4. Skule- og barnehageeigar skal gje tilbakemelding/respons på rapportane. Rapport og tilbakemelding skal vere grunnlag for dialogmøte mellom eigar og eining. Dialogmøta skal ende i ei oppfølgingsavtale.
5. Kvart år utarbeider administrasjonen ei kvalitets- og utviklingsmelding for skulane og barnhagane i kommunen. Denne vert handsama i kommunestyret.

Askvoll-skulane i utvikling



Felles utviklingsstrategi for perioden

2015-2018

Eg stadfester at eg er gjort kjend med handlingsplikta og kjenner til rutineane for varsling.

<i>Dato</i>	<i>Underskrift</i>	<i>Stilling</i>
<i>Dato</i>	<i>Underskrift</i>	<i>Stilling</i>

[illegible]

MELDESKJEMA VED BROTT PÅ §9A-3



Skal leverast til rektor snarast etter at hendinga har oppstått. Innkomne meldingar skal informerast om i felles personalmøte kvar veke. Nyttast av alle som har sitt virke på skulen.

DATO FOR HENDING:		
FORNÆRMA ELEV/AR:		KLASSE:

MEDVERKANDE TIL HENDINGA:	KLASSE:

NAMN PÅ MELDAR/ OBSERVATØR:	
STILLING:	

HENDINGA SKJEDDE:	TIME ☐	FRIMINUTT ☐	SKULEBUSS ☐	SKULEVEG ☐	ANNA
------------------------------	-------------------------------	------------------------------------	------------------------------------	-----------------------------------	------

TYPE HENDING:

STYGG BANNING

☐

MOBBING/TRAKASSERING

☐

SLÅSTING

☐

DIGITAL MOBBING

☐

UTESTENGING

☐

ANNA:

MELDESKJEMA VED BROTT PÅ §9A-3

Skal leverast til rektor snarast etter at hendinga har oppstått. Inkomne meldingar skal informerast om i felles personalmøte kvar veke. Nyttast av alle som har sitt virke på skulen.

SKILDRING AV HENDING:

KVA TILTAK VART GJORT?

HAR FÅTT BESKJED OM HENDINGA:

	NAMN:
KONTAKTLÆRAR/AR	
ANDRE I SKULELEIINGA	
FØRESETTE TIL FORNÆRMA ELEV/AR	
FØRESETTE TIL MEDVERKANDE ELEV/AR	

DATO og UNDERSKRIFT

Meldeskjema

OM BEKYMRING FOR ELEVEN'S PSYKOSOSIALE SKULEMILJØ

§ 9a-1. Generelle krav

Alle elevar i grunnskolar og vidaregåande skolar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring.

Namn på eleven:	
Fødselsdato:	Klasse:
Bekymringa meldast til:	
Bekymringa meldast av:	
Dato for melding:	
Kva dreier bekymringa seg om? (mobbing, vald, rasisme, diskriminering, utestenging)	
Korleis vart bekymringa oppdaga?	
Anna faktainformasjon?	


Handlingsplan mot mobbing



Askvoll skule har som mål å vere ein trygg og god arbeidsplass for alle i skulesamfunnet, med fokus på kunnskap, lærelyst og meistring i eit inkluderande fellesskap.

1. DEFINISJON

Mobbing er "gjenteken negativ eller "vondsinna" åtferd frå ein eller fleire retta mot en elev som har vanskar for å forsvare seg. Gjentatt erting på en ubehagelig og sårande måte er også mobbing"



Handlingsplan mot mobbing



2. AVDEKKING AV MOBBING

Mål: Mobbing som skjer i og ved skulen vert avdekket

Skulen har tiltak for å oppdage mobbing av og "mellom" elevar.

Elevundersøking:

- Årlig gjennomføring av elevundersøkinga på 5.-10. trinn. Gjennomført etter haustferien, oktober/november.
- Resultatet vert analysert av dei tilsette ved skulen.

Logg:

- Elevane skriv logg. Der trivsel og motivasjon er gjennomgåande tema.

Elevsamtalar:

- Kontaktlærar gjennomfører elevsamtalar minimum 2 gongar i året.

Tilsyn i friminutt:

- Skulen har tilsyn/vakter i alle friminutt og på heile skulen sitt område.
- Det er utarbeidd eigen vaktplan og rutinar ved inspeksjon
- Tilsette som har tilsyn skal vere tydelege vaksne..
- Dei som har inspeksjon skal: Halde seg i området ein har ansvar for, ha spesielt tilsyn på stader der ein mistenker konflikt/mobbing, inkludere elevar som er aleine, stoppe risikofylt leik og kjefting
- Gje nødvendig tilbakemeldingar til kontaktlærar.
- Ein skal gripe inn og melde ifrå om mobbesituasjonar (meldeskjema).

Mobbing tema på alle foreldremøte

- Det blir utdelt infohefte kvart år der mobbing er omtalt.

Handlingsplan mot mobbing



3. VED MISTANKE OM MOBBING

TEIKN PÅ MOBBING

- Eleven kjem med øydelagde kle og bøker
- Eleven går uvante vegar til og frå skulen
- For å unngå mobbarar på vegen, går eleven tidleg eller kjem i siste liten til skulen
- Stengjer seg inne og vil ikkje ut etter skuletid
- Skuleprestasjonane går ned utan nokon spesiell grunn
- Vegrar seg for å gå på skulen (vondt i hovudet og vondt i magen)
- Pengeforbruket aukar (betalar for å sleppe mobbing)
- Utelaten frå gjengen (blir ikkje snakka med, får ikkje vere med på "laget")
- Lærarane observerer at noko føregår, men eleven prøver å skjule det.

1. Innhente informasjon gjennom observasjon

- I timar, friminutt, ute og inne, og på SFO.
- Informere kollegiet og be om hjelp til å få informasjon

2. Innhente informasjon gjennom samtale med eleven/ane

- Snakke med den det gjelder om det som har skjedd. Få vite korleis vedkomande har opplevd situasjonen.

3. Innhente informasjon frå andre

- Medelever
- Andre tilsette
- Førsette
- SFO

4. MELDING OM MOBBING

- Personalet skal ved mistanke om mobbing melde frå til administrasjonen. Bruk meldeskjema
- Administrasjonen gjev naudsynt informasjon til kollegiet kvar veke

Handlingsplan mot mobbing



SKULEN SKAL REAGERE PÅ

- At ein elev vert utsett for negative handlingar frå andre
- At ein elev vert halden utanfor og ikkje får vere med dei andre
- Foreldra/føresette sine meldingar til skulen om at ein elev vert mobba, eller at eigne born plagar andre

ANSVAR OG MELDEPLIKT

- **Alle** i skulesamfunnet har ansvar og meldeplikt når mobbing skjer. Ved hendingar/observasjonar skal meldeskjema nyttast.
- Vaksne som har inspeksjon har eit særskilt ansvar å sjå til at mobbing ikkje skjer.
- Når mobbing skjer, skal kontaktlærar og rektor/inspektør eventuelt saman med andre klargjere situasjonen. Desse skal saman med heimen/heimane vurdere aktuelle tiltak.
- Rektor skal informere om retten til einskildvedtak
- Andre samarbeidspartnarar kan og trekkjast inn på alle nivå.

4. TILTAKSPLAN VED MOBBING

- Foreldre/føresette vert kontakta - orientere om problemet og opplyse om rett til einskildvedtak
- Ein prøver først å løyse problema på klassenivå
- Mobbeofferet og den som har utøvd mobbing har samtalar kvar for seg med kontaktlærar og rektor/inspektør
- Dei som er blanda inn i konflikten møter kvarandre. Det vert laga ein avtale mellom elevane
- Foreldra/føresette får sjå avtalen
- Det vert laga ein plan for oppfølging av mobbeoffer og mobbaren
- Avtalen og oppfølgingsplanen vert arkiverte i elevmappene til dei som er innblanda.

Handlingsplan mot mobbing

5. FØREBYGGING

KLASSENIVÅ:

- Mobbing vert teke opp med elevane om hausten i samband med gjennomgang av ordensreglane. Gjere det klart at mobbing ikkje blir tolerert
- Kvar haust lagar klassane klassereglar i tråd med skulen sin utviklingsplan
- Det må leggjast vekt på å lære elevane kva som er rett og gale. Dei må lære å ta ansvar for å hindre mobbing. Gjer det klart for elevane at det ikkje er "sladring" å seie frå om at andre eller ein sjølv blir mobba
- Kontaktlærarane gjennomfører elevsamtalar med spørsmål om trivsel
- Tryggleik og trivsel er tema på alle konferansar/klasseforeldremøte

SKULENIVÅ:

- Elevundersøking med spørjeskjema (5.-10. kl.)
- Aktivitetar som er felles for heile skulen og på tvers av årsteg
- Inspeksjonsrutinane må heile tida evaluerast
- Utemiljøet må vere attraktivt
- Sikre foreldremedverknad
- Godt samarbeid mellom heim og skule
- Evaluering av arbeidet mot mobbing kvar vår.



Rutine og årshjul for skulemiljøutval og samarbeidsutval Askvoll skule

Generell rutine:

- Skulemiljøutval (SMU) og samarbeidsutval (SU) skal vere konstituert innan 1. oktober kvart år
- SU kan vere ein del av SMU, men då må det oppnemnast fleire representantar frå elevar og foreldre slik at desse er i fleirtal.
- Møta i SMU og SU bør vere klårt åtskilde, og det må lagast separate innkallingar og referat
- Skuleeigar v/kommunalsjef for oppvekst skal ha kopi av referata frå møta i SU.

Årshjul (opplisting av saker og tal møter er ikkje utfyllande, men årshjulet peikar på nokre områder som skal takast opp i utvala)

Månad	Skulemiljøutvalet	Samarbeidsutvalet
September/ oktober - innan 1. okt.	• Konstituering av nytt utval • Presentasjon av nye medlemar • Gje ei innføring om skulemiljøutvalet, og om kva oppgåver og saker som utvalet kan arbeide med. • Dele ut U-dir sin retteleiar om SMU • Korleis arbeide med oppgåvene og korleis fordele oppgåvene • Møtekalender og årshjul • Saker frå elevrådet •	• Konstituering av nytt utval • Presentasjon av nye medlemar • Gje ei innføring om samarbeidsutvalet, og om kva oppgåver og saker som utvalet kan arbeide med. • Budsjett • Skuleskyss og innspel til trafikktryggleiksplan • Orientering om skulen sin utviklingsplan
November/ desember	• Drøfting av skulen sin «Plan for oppfølging av opplæringslova kap. 9a» • Det fysiske skulemiljøet/vernearbeid • Det psykososiale miljøet • Utvalet definerer kva som kan gje eit betre skulemiljø - tiltak • Saker frå elevrådet •	• Skuleruta for neste skuleår (uttale) • HMT – vernerunde og plan

Rutine og årshjul for skulemiljøutval og samarbeidsutval

Askvoll skule



Januar/ februar	- Gjennomgang av elevundersøkinga - Status i skulen sitt utviklingsarbeid - innspel - Innspel til SU si handsaming av ordensreglementet - Fylgje opp saker/tiltak som er handsama i SMU	- Budsjett og rekneskap - Gå gjennom resultat frå brukarundersøkingar og trivsels- og miljøundersøkingar - Ordensreglementet - Innspel til skulen sitt arbeid med ny utviklingsplan
Mai / juni	- Evaluering av arbeidet i SMU og «Plan for oppfølging av opplæringslova kap. 9a» - Fylgje opp saker/tiltak som er handsama - Saker frå elevrådet	- Skulen si kvalitets- og utviklingsmelding - Skulen sin utviklingsplan for neste skuleår - Dialogmøte mellom skuleeigar og SU (jamfør system for arbeid med kvalitet og utvikling)

SEKOM-sekretariat

Saksgang Askvoll kontrollutval	Møtedato 05.12.2014	Saksnr 030/14
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-217, Komnr-1428	Arkivsaknr.: 14/145
---	-------------------------------------	-------------------------------

Rådmannen informerer om oppfølging av funna i forvaltningsrevisjonsrapporten om innkjøpsfunksjonen i Askvoll kommune

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
31.07.2014	Forvaltningsrevisjonsprosjekt - Innkjøpsfunksjonen Askvoll kommune - melding om vedtak KOM-031/14	214

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tek informasjonen frå rådmannen til vitande.

.

Saksutgreiing:

Kommunestyret i Askvoll gjorde følgjande vedtak i sak KOM-31/14
Forvaltningsrevisjonsprosjekt - Innkjøpsfunksjonen Askvoll kommune, handsama i møte 21.5.2014:

1. Forvaltningsrapporten – Innkjøpsfunksjonen – Askvoll, vert teke til orientering.
2. **Rådmannen informerer kontrollutvalet seinast på siste møte i 2014 om kva administrasjonen har gjort for å følgje opp funna i forvaltningsrevisjonsrapporten.**
3. Rådmannen orienterer kommunestyret i desembermøtet om kva administrasjonen har gjort for å følgje opp funna i forvaltningsrevisjonsrapporten.

Rådmannen er innkalla til møte i kontrollutvalet 5. desember for informere om kva administrasjonen har gjort for å følgje opp funna i forvaltningsrevisjonsrapporten.

Mottakrar:

Kontrollutvalet	v/ Jorunn Ringstad	6980	ASKVOLL
KRYSS-revisjon	Kommunerevisjonen i ytre Sogn og Sunnfjord	6801	FØRDE
SEKOM-sekretariatet	Postboks 338	6802	FØRDE

Vår ref.
2013000462-12

Dykkar ref.

Arkiv
K1-216, K1-601

Dato:
31.07.2014

Forvaltningsrevisjonsprosjekt - Innkjøpsfunksjonen Askvoll kommune - melding om vedtak

Det er fatta følgjande vedtak i saka:

KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

1. Forvaltningsrapporten – Innkjøpsfunksjonen – Askvoll, vert teke til orientering.
2. Rådmannen informerer kontrollutvalet seinast på siste møte i 2014 om kva administrasjonen har gjort for å følgje opp funna i forvaltningsrevisjonsrapporten.

21.05.2014 KOMMUNESTYRET

Røysting – samrøystes:

Kontrollutvalet si tilråding vart vedteken med følgjande nytt punkt

3. Rådmannen orienterer kommunestyret i desembermøtet om kva administrasjonen har gjort for å følgje opp funna i forvaltningsrevisjonsrapporten.

KOM-031/14 VEDTAK:

1. Forvaltningsrapporten – Innkjøpsfunksjonen – Askvoll, vert teke til orientering.
2. Rådmannen informerer kontrollutvalet seinast på siste møte i 2014 om kva administrasjonen har gjort for å følgje opp funna i forvaltningsrevisjonsrapporten.
3. Rådmannen orienterer kommunestyret i desembermøtet om kva administrasjonen har gjort for å følgje opp funna i forvaltningsrevisjonsrapporten.

Med helsing

Håkon Loftheim
rådmann

Direkte tlf: 57 73 07 03

SEKOM-sekretariat

Saksgang Askvoll kontrollutval	Møtedato 05.12.2014	Saksnr 031/14
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-217	Arkivsaknr.: 14/78
---	-------------------------	------------------------------

Prosjektplan for forvaltningsrevisjonsprosjekt - Kontroll av sjølvkostberegningar på VA-sektoren

Vedlegg:

Dok.dato 19.11.2014	Tittel Prosjektplan - Sjølvkostberegningar på VA-sektoren Askvoll kommune	Dok.ID 895
-------------------------------	---	----------------------

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Prosjektplan datert 18.11.2014 frå KRYSS Revisjon for forvaltningsrevisjonsprosjektet– Kontroll av sjølvkostberegningar på VA-sektoren Askvoll kommune, vert godkjent.

.

Saksutgreiing:

Askvoll kontrollutval gjorde følgjande vedtak i sak 023/14 Forvaltningsrevisjon – val av prosjekt, i møte 18.9.2014:

- Kontrollutvalet tingar, Kontroll av sjølvkostberegningar VA-sektoren, som neste forvaltningsrevisjonsrapport av KRYSS-revisjon.*
 - Formålet er å få kjennskap til om sjølvkostberekningane på VA-sektoren samsvarar med gjeldande regelverk for desse tenestene, og at innbyggjarane betaler rett pris for desse tenestene.*
 - Kontrollen skal avgrensast til kontroll av rekneskapstala for 2014 for VA-sektoren og kontroll av budsjettgrunnlaget for fastsetjing av betalingssatsane for 2015.*
 - Leveringsfrist 1. mai 2015.*
- KRYSS-revisjon vert kalla inn til neste møte 5. desember 2014, for å gje tilbakemelding på tinginga, og legge fram plan for forvaltningsrevisjonsprosjektet.*

Vedtaket vart sendt KRYSS Revisjon i e-post datert 25.9.2014. SEKOM-sekretariat mottok prosjektplan frå KRYSS Revisjon v/Charles Litsheim i e-post datert 18.11.2014.

Revisor er kalla inn til møtet for å gå gjennom prosjektplanen.

Askvoll kontrollutval
Ved Sekom sekretariat
6800 Førde

Dykkar ref.:

Vår ref.:
Charles Litsheim

Arkivkode:
216

Journalnr:
035/14

Dokumentdato:
18.11.2014

PROSJEKTPLAN – Sjølvkostberekningar på VA-sektoren Askvoll kommune

DOKUMENTOPPLYSNINGAR:

Tittel på prosjektet:	Kontroll av sjølvkostberekningar på VA-sektoren.
Tingar:	Askvoll kontrollutval, ved SEKOM-sekretariat, i tingingsvedtak av 18.09.1.2014, sak 023/14
Revisjonseining:	KRYSS-Revisjon
Oppdragsansvarleg:	Charles Litsheim
Dato for prosjektplanen:	18.11.2014
Versjon av prosjektplan	Versjon I.

TINGINGA – KONKRET:

Problemstillingane:	Revisjonen skal svare på følgjande problemstilling: - Er sjølvkostberekningane i samsvar med gjeldande regelverk ? - Betalar innbyggjarane rett pris for desse tenestene ?	
Tidsrom og avgrensing:	Kontrollen skal avgrensast til kontroll av rekneskapstala for 2014 for VA- sektoren, og kontroll av budsjettgrunnlaget for fastsetjing av betalingssatsar for 2015.	
Revisjonskjelder/-kriterium:	H – 2140 og H 3/14	- Kriterier vert utleia når prosjektet er formelt starta opp.
	Dei kommunale rekneskapsforskriftene	- Kriterier vert utleia når prosjektet er formelt starta opp.
Metodebruk	Intervju og samtaler med aktuelle tilsette Dokumentanalyse – herunder rekneskapsanalyse og analyse av statistikk	
Tidsbruk i prosjektet	I samsvar med dei tildelte ressurstimane som ligg i avtalen mellom Askvoll kommune og KRYSS- Revisjon.	

Tidsbruken er planlagt og estimert slik:

TIDSBRUKEN I PROSJEKTET:	
Arbeidsoppgåver:	Timebruk:
Oppstartsmøte inkl føregående sakshandsaming, reisetid og etterarbeid (presisering/avgrensning av prosjektet)	14 timar
Innsamling av data i høve dokumentanalysa	22,5 timar
Førebuing/utarbeiding av skjema for intervju/samtale	25 timar
Intervju og samtalar med utvalde tilsette	15 timar
Strukturering og bearbeiding av intervju/samtalar	22 timar
rapportskriving	75 timar (15 timar reserve i høve uforutsett som sjukdom ol)
Avsluttande arbeid inkl handsaming og møte i kontrollutvalet	15 timar


Milepælar i prosjektet

1. Formell oppstart av forvaltningsrevisjonen med innkalling, gjennomføring og etterarbeid etter oppstartsmøtet. Januar 2015.
2. Innsamling av dokumentasjon for vidare analyse. Februar 2015.
3. Skrivefasen i mars 2015.
4. Rapportutkastet med høyringsrunde. April 2015.
5. Etterarbeid etter høyringsrunde. April 2015.
6. Oversending av endeleg rapport til kontrollutvalet. 1. mai 2015.
7. Evt møtedeltaking i samband med handsaming av rapporten.

Tidsrom

Vi reknar med å vere ferdig med prosjektet innan frist sett i tinginga.

Vidare framdrift i forhold til milepælane kan rapporterast til kontrollutvalet i form av e-postar til sekretariatet. Dette kan gjerast i samarbeid med sekretariatet, og kan tilpassast undervegs.



Charles Litsheim
Revisjonssjef forvaltning
Kryss Revisjon

SEKOM-sekretariat

Saksgang Askvoll kontrollutval	Møtedato 05.12.2014	Saksnr 032/14
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-216	Arkivsaknr.: 14/322
---	-------------------------	-------------------------------

Orientering om rekneskapsrevisjon for 2014

Vedlegg:

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tek orienteringa frå KRYSS Revisjonen om rekneskapsrevisjonen for 2014 til vitande.

.

Saksutgreiing:

I kontrollutvalssak 020/09 Kontrollutvalsarbeid - tiltak, som står på oppfølgingslista, er eit av punkta i vedtaket som følgjer:

Kontrollutvalet vil be KRYSS-revisjon orientere om status i revisjonsarbeidet kring finansrevisjon ein til to gonger i året. Vidare vil kontrollutvalet be KRYSS-revisjon om ei generell orientering om revisjonsarbeidet.

Etter § 6 i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar skal kontrollutvalet sjå til at årsrekneskapen vert revidert på ein betryggande måte. **Under dette halde seg orientert om revisjonsarbeidet** og sjå til at dette føregår i samsvar med dei vedtekter som følgjer av lov og forskrift, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalet sin instruks eller avtale med revisor.

SEKOM-sekretariat har i den samanheng førespurt KRYSS Revisjon v/Asgeir Tveit om han har høve til å orientere om status i revisjonsarbeidet på møte i kontrollutvalet 5. desember. Asgeir Tveit kan møte og orientere om arbeidet som vert gjort i samband med rekneskapsrevisjon for 2014 i Askvoll kommune.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Askvoll kontrollutval	Møtedato 05.12.2014	Saksnr 033/14
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-216	Arkivsaknr.: 14/328
---	-------------------------	-------------------------------

Prosjektrekneskap - Rehabilitering Askvoll kyrkje prosjektnr. 1623

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
25.11.2014	Prosjektrekneskap og sluttrapport datert 23.10.2014 Rehab. Askvoll kyrkje.pdf	921
25.11.2014	Revisjonsmelding datert 27.10.2014 - Rehabilitering Askvoll kyrkje.pdf	925

Tilråding:

(Kontrollutvalet tilrår til kommunestyret).

Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding frå KRYSS Revisjon datert 27.10.2014 for Rehabilitering Askvoll kyrkje.

Under føresetnad av at mindreforbruket på kr 30.361 vert omdisponert i samsvar med regelverket, har ikkje kontrollutvalet merknad til at rekneskapen vert godkjent slik han ligg føre.

.

Saksutgreiing:

Det ligg føre endeleg prosjektrekneskap for prosjekt nr. 1623 Rehabilitering Askvoll kyrkje. Kontrollutvalet skal gje uttale til kommunestyre i saker som gjeld sluttrekneskap for investeringsprosjekt der sluttkostnaden overstig kr 500.000, jfr. økonomireglement for Askvoll kommune punkt 10.17 Sluttrapport/-rekneskap.

Prosjektrekneskapen viser ein samla kostnad på kr 6.869.639, som er utgiftsført i 2013 og 2014. Prosjektet er budsjettert med ei råde på kr 6.900.000. Prosjektet har eit mindreforbruk kr 30.361. Prosjektet er i hovudsak lånefinansiert (kr 372.000 i tilskot/refusjon og kr 950.000 i mva. kompensasjon). Kommunestyret må gjere vedtak om disponering av unytta finansieringsmidlar.


Revisjonsuttalen datert 27.10.2014 frå KRYSS Revisjon stadfestar taldelen i prosjektrekneskapen.

SEKOM-sekretariat viser til rekneskapen, revisjonsuttale og det som elles ligg føre av dokument i saka. Vi vurderer det slik at kontrollutvalet bør uttale at rekneskapen for Rehabilitering Askvoll kyrkje kan godkjennast slik han ligg føre, under føresetnad av at mindreforbruket vert omdisponert i samsvar med regelverket.

Prosjektrekneskap for: Rehab. Askvoll kyrkje					Løyvingar/Politiske vedtak:					
Prosjekt nr. 1623					5 050 000,-		KOM-066/12		Opptak av lån m/rentekompensasjon	
Periode/År: 2012,2013,2014					1 850 000,-		KOM-05/14		Søknad om auka finansiering	
Spesifikasjon utgifter inntekter:					Ferdigstillt: 21.01.2014					
Vedtekte budsjetttal:					Rekneskapstal:					
Utgiftsart:	År 2 012	År 2 013	År 2 014	År 2 014	År 2012	År 2 013	År 2 014	Sum Budsjett	Sum Rekneskap	Avvik i kr.
Annonser						3 658			3 658	3 658
Gebyr						1 875			1 875	1 875
Inventar og utstyr							4 478		4 478	4 478
Byggetenester	4 040 000			1 500 000		3 717 252	1 365 976	5 540 000	5 083 228	-1 466 772
Andre tenester (som inngår i egenproduksjon)							100 000		100 000	100 000
Konsulenttenester						315 850			315 850	315 850
Mva. kompensasjon	1 010 000			350 000		1 005 992	354 558	1 360 000	1 360 550	2 720 550
Sum Utg./kostnader	5 050 000			1 850 000		5 044 627	1 825 012	6 900 000	6 869 639	30 361
Inntektsartar:										
Refusjon frå staten							-17 675	0	-17 675	-17 675
Tilskot/refusjon	-372 000						-372 000	-372 000	-372 000	0
Bruk av lånemidlar	-4 078 000			-1 500 000		-4 239 833	-1 080 779	-5 578 000	-5 320 612	257 388
Mva. kompensasjon	-600 000			-350 000		-804 794	-354 558	-950 000	-1 159 352	-209 352
Overførte driftsmidlar										
Sum inntekter	-5 050 000			-1 850 000		-5 044 627	-1 825 012	-6 900 000	-6 869 639	-30 361
Nettoutgifter	0			0		0	0		0	0
Mindre kostnad i høve sum vedtekte budsjet										30 361

Dato: 23.10.14

Signatur:  Økonomisjef

 Bygg-og eigedomssjef

Dato: 23.10.14

Signatur:

Vine Hauge
Økonomisjef

Ake Solberg
Bygg-og eigedomsjef



Sluttrapport

Prosjektnamn: Rehab. Askvoll kyrkje Prosjektnr. 1623

Politiske vedtak (Saksnr./Dato for vedtak):

Formannskapet : 072/12 av 14.06.2012 og 011/14 av 20.01.2014

Kommunestyret : 066/12 av 18.06.2012 og 005/14 av 29.01.2014

Startdato: 10.04.2013

Sluttdato: 21.01.2014

Oppsummering:

Historikk:

Askvoll Sokneråd vedtok i møte 9.mai 2012 å søkje Askvoll kommune om finansiering til rehabilitering av Askvoll kyrkje. Søknaden vart innvilga i KOM 066/12. Askvoll Sokneråd si eige plannemnd hadde tidlegare fått utarbeida både tilstandsrapport og førebels kalkyle på arbeidet som måtte gjerast. Askvoll kommune vart forespurt om byggeleiing av prosjektet. Norconsult fekk oppdraget med å detaljprosjektare oppdraget. Oppdraget vart lagt ut på anbod og etter 2 innkomne anbod var det Olset Entreprenør som vart tildelt oppdraget med rehabiliteringa. Sjølv arbeidet tok til i april 2013 og overlevert i 24.01.2014.

Finansiering:

Kommunestyret gjorde vedtak i KOM-066/12 om låneopptak på kr 4.078.000 og med mva.kompensasjon på kr 1.010.000. Kommunestyret gjorde i vedtak KOM-005/14 om auka finansiering på kr 1.500.000 og mva.kompensasjon på kr 350.000. Totalt kr 6.900.000.

Evaluering:

I utgangspunktet skulle rehabiliteringa bestå seg av følgande tiltak: Hovedskipet: Skifte ut samtlige vindauger. Alt av takrenner, loddbord og roten kledning, utvendig og innvendig maling, og etterisolering av himling. Koret: Skifte ut vindauger og dører, jekke opp omlag 30 cm etter langvarig sig, skifte ut kledning, innvendig og utvendig maling. Det skulle etablerast nytt varmesystem i heile kyrkja. Rehabiliteringa av Askvoll kyrkje vart noko meir omfattande enn kalkyla til Edvin Helle la opp til. Etter detaljprosjektering og ytterlegare behov frå Soknerådet, kom ein fram til at tiltaka òg måtte omfatte nytt golv i kor, ny trapp til kor, foldevegg i skip. I tillegg vart planlagt varmesystem endre etter råd frå elektroentreprenør. Dette gjorde at finansieringa måtte aukast. Arbeidet vart utført innanfor revidert ramme.

Økonomi:

Vedtatt ramme: Kr 5.050.000

Kommunestyresak:

066/12 av 18.06.2012 og 005/14 av 29.01.2014

Oppfinansiering: Kr 1.850.000

Formannskapet:

072/12 av 14.06.2012 og 011/14 av 20.01.2014

Endeleg kostnad: Kr 6.869.639

Mindreforbruk: Kr 30.361

Dato: 23.10.2014

Signatur:

Askvoll kommune
v/kommunestyret
Postboks 174
6988 ASKVOLL

kopi: kontrollutvalet

Førde 27.10.2014

Dykkar ref.:	Vår ref. : At	Arkivkode : 216	Journalnr. : 033/2014	Dokumentdato: 27.10.2014
--------------	------------------	--------------------	--------------------------	-----------------------------

REVISJONSMELDING - PROSJEKTRKESKAP 1623 REHABILITERING ASKVOLL KYRKJE.
Prosjektperiode 2012 – 2014.

Vi har revidert prosjektrekneskapen for Askvoll kommune for prosjekt 1623 Rehabilitering Askvoll kyrkje. Prosjektrekneskapen, datert 23.10.2014 viser samandrag av kostnader, finansiering, oppsett over politiske vedtak som ligg til grunn for prosjektet og sluttrapport. Prosjektrekneskapen er utarbeida av leiinga i samsvar med ovannemnde dokument.

Leinga sitt ansvar for prosjektrekneskapen

Leinga er ansvarleg for å utarbeide prosjektrekneskapen, og for slik intern kontroll som leiinga finn naudsynt for å gjere det mogeleg å utarbeide ein prosjektrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misleghald eller feil.

Revisor sine oppgåver og plikter

Vår oppgåve er å gje uttrykk for ei meining om prosjektrekneskapen på bakgrunn av vår revisjon. Vi har utført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, under dette International Standards of Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tilfredsstillande tryggleik for at prosjektrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i prosjektrekneskapen. Dei valde handlingane er gjort på grunnlag av revisor sitt skjønn, under dette vurdering av risikoane for at prosjektrekneskapen kan innehalde vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleghald eller feil. Ved slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for kommunen si utarbeiding av ein prosjektrekneskap. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter omstenda, men ikkje for å gje uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar og ei vurdering av om dei nytta rekneskapsprinsipp er føremålstenlege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av prosjektrekneskapen.

Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkelege og føremålstenlege som grunnlag for vår konklusjon.

Regionskontor for kommunane:

Flora, Bremanger
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø
Tlf. Terje Førde: 57 75 60 97, 57 61 26 40 eller
57 61 26 41, evt. mobiltlf. 99 22 92 27
Tlf. Trine Vokuhl, 57 75 60 96, 57 61 26 48;
- evt. mobiltlf. 91 74 20 35

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:

Førde, Jølster, Naustdal, Askvoll, Gaular, Gulen
Førde kommune, Rådhuset, Hafstadv 28, 6800 Førde
Postboks 487, 6802 Førde. Tlf. Terje Førde, 57 61 26 41
Tlf. Charles Litsheim, 57 61 26 42, mobil. 91 33 30 46
Tlf. Stig Årdal, 57 61 26 45, mobil: 90 52 48 55
Tlf. Kari Sygna, 57 61 26 43, mobil: 97 98 13 22
Tlf. Asgeir Tveit, 57 61 26 44, mobil: 90 87 43 88


Regionskontor for kommunane:

Hyllestad, Fjaler, Solund
Hyllstad kommune, 6957 Hyllestad
Tlf. regionskontoret; 57 78 85 47
Tlf. Aud Marit Nyland Eide, 57 61 26 46
- evt. mobiltlf. 99 23 52 16
Tlf. Torill Nordstrand, 57 61 26 47;
- evt. mobiltlf. 47 65 50 93

Konklusjon:

Etter vår meining er prosjektrekneskapen for Askvoll kommune for prosjekt 1623 Rehabilitering Askvoll kyrkje, datert 23.10.2014, i det alt vesentlege i samsvar med grunnlaget for rekneskapsavlegginga som omtala i første avsnitt.

Med helsing



Asgeir Tveit

Kommunerevisor I

KRYSS Revisjon
Kommunerevisjonen i
Ytre Sogn og Sunnfjord

SEKOM-sekretariat

Saksgang Askvoll kontrollutval	Møtedato 05.12.2014	Saksnr 034/14
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-216	Arkivsaknr.: 14/330
---	-------------------------	-------------------------------

Prosjektrekneskap - Bulandet vassverk prosjektnr. 2110

Vedlegg:

Dok.dato 25.11.2014	Tittel Revisjonsmelding, sluttrapport og prosjektrekneskap Bulandet Vassverk.pdf	Dok.ID 932
-------------------------------	--	----------------------

Tilråding:

(Kontrollutvalet tilrår til kommunestyret).

Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding frå KRYSS Revisjon datert 31.10.2014 for Bulandet vassverk.

Under føresetnad av at meirforbruket på kr 1.031.075 vert dekkja i samsvar med regelverket, har ikkje kontrollutvalet merknad til at rekneskapen vert godkjent slik han ligg føre.

.

Saksutgreiing:

Det ligg føre endeleg prosjektrekneskap for prosjekt nr 2110 Bulandet vassverk. Kontrollutvalet skal gje uttale til kommunestyre i saker som gjeld sluttrekneskap for investeringsprosjekt der sluttkostnaden overstig kr 500.000, jfr. økonomireglement for Askvoll kommune punkt 10.17 Sluttrapport/- rekneskap.

Prosjektrekneskapen viser ein samla kostnad på kr 4.831.075 som er utgiftsført i åra 2011-2013. Prosjektet er budsjettert med ei råde på kr 3.800.000. Prosjektet har eit meirforbruk på kr 1.031.075. Prosjektet er lånefinansiert. Kommunestyret må gjere vedtak om dekking av meirforbruket.

Revisjonsuttalen frå KRYSS Revisjon datert 31.10.2014 stadfestar taldelen i prosjektrekneskapen.

SEKOM-sekretariat viser til rekneskapen, revisjonsuttale og det som elles ligg føre av dokument i saka. Vi vurderer det slik at kontrollutvalet bør uttale at rekneskapen for Bulandet vassverk kan godkjennast slik han ligg føre, under føresetnad av at meirforbruket vert dekkja i samsvar med regelverket.

Askvoll kommune
v/kommunestyret
Postboks 174
6988 ASKVOLL

kopi: kontrollutvalet

Førde 31.10.2014

Dykkar ref.:	Vår ref. : <i>At</i>	Arkivkode : <i>216</i>	Journalnr. : <i>033/2014</i>	Dokumentdato: <i>31.10.2014</i>
--------------	-------------------------	---------------------------	---------------------------------	------------------------------------

REVISJONSMELDING - PROSJEKTRKESKAP 2110 BULANDET VASSVERK
Prosjektperiode 2011 – 2013.

Vi har revidert prosjektrekneskapen for Askvoll kommune for prosjekt 210 Bulandet Vassverk. Prosjektrekneskapen, datert 27.10.2014 viser samandrag av kostnader, finansiering, oppsett over politiske vedtak som ligg til grunn for prosjektet og sluttrapport. Prosjektrekneskapen er utarbeida av leiinga i samsvar med ovannemnde dokument.

Leiinga sitt ansvar for prosjektrekneskapen

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide prosjektrekneskapen, og for slik intern kontroll som leiinga finn naudsynt for å gjere det mogeleg å utarbeide ein prosjektrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misleghald eller feil.

Revisor sine oppgåver og plikter

Vår oppgåve er å gje uttrykk for ei meining om prosjektrekneskapen på bakgrunn av vår revisjon. Vi har utført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, under dette International Standards of Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tilfredsstillande tryggleik for at prosjektrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i prosjektrekneskapen. Dei valde handlingane er gjort på grunnlag av revisor sitt skjønn, under dette vurdering av risikoane for at prosjektrekneskapen kan innehalde vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleghald eller feil. Ved slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for kommunen si utarbeiding av ein prosjektrekneskap. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter omstenda, men ikkje for å gje uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar og ei vurdering av om dei nytta rekneskapsprinsipp er føremålstenlege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av prosjektrekneskapen.

Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkelege og føremålstenlege som grunnlag for vår konklusjon.

Regionskontor for kommunane:
Flora, Bremanger
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Flora
Tlf. Terje Førde: 57 75 60 97, 57 61 26 40 eller
57 61 26 41, evt. mobiltlf. 99 22 92 27
Tlf. Trine Vokuhl, 57 75 60 96, 57 61 26 48;
- evt. mobiltlf. 91 74 20 35

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:
Førde, Jølster, Naustdal, Askvoll, Gaular, Gulen
Førde kommune, Rådhuset, Hafstadv 28, 6800 Førde
Postboks 487, 6802 Førde. Tlf. Terje Førde, 57 61 26 41
Tlf. Charles Litsheim, 57 61 26 42, mobil. 91 33 30 46
Tlf. Stig Årdal, 57 61 26 45, mobil: 90 52 48 55
Tlf. Kari Sygna, 57 61 26 43, mobil: 97 98 13 22
Tlf. Asgeir Tveit, 57 61 26 44, mobil: 90 87 43 88

Regionskontor for kommunane:
Hyllestad, Fjaler, Solund
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad
Tlf. regionskontoret; 57 78 85 47
Tlf. Aud Marit Nyland Eide, 57 61 26 46
- evt. mobiltlf. 99 23 52 16
Tlf. Torill Nordstrand, 57 61 26 47;
- evt. mobiltlf. 47 65 50 93


Presisering:

Prosjektrekneskapen for Bulandet Vassverk viser ei overskriding i høve til budsjett på kr. 1.032.345,-. Økonomireglementet pkt 10.15 seier at utviding av kostnadsråma skal leggjast fram for kommunestyret før totalløyvinga vert overskriden. Det ligg til kommunestyret å vedta fullfinansiering av prosjektet.

Konklusjon:

Etter vår meining er prosjektrekneskapen for Askvoll kommune for prosjekt 2110 Bulandet Vassverk, datert 27.10.2014, i det alt vesentlege i samsvar med grunnlaget for rekneskapsavlegginga som omtala i første avsnitt.

Med helsing



Asgeir Tveit

Kommunerevisor I


KRYSS Revisjon
Kommunerevisjonen i
Ytre Sogn og Sunnfjord

Prosjektrekneskap for:				Løyvingar/Politiske vedtak:					
Prosjekt nr. 2110				3 800 000,-		KOM-006/11			
Periode/År: 2011,2012,2013		Oppstart: 01.04.2011							
Spesifikasjon utgifter inntekter:		Ferdigstilt: 2013							
Vedtekte budsjetttal:				Rekneskapsstal :			SAMANDRAG / TOTALER :		
Utgiftsart:	År 2011	År 2012	År 2013	År 2011	År 2012	År 2013	Sum Budsjett	Sum Rekneskap	Avvik i kr.
Gebyr						2 620		2 620	-2 620
Kjøp/leasing driftsmidler				109				109	-109
Byggetenester	3 800 000			4 175 941	613 379		3 800 000	4 789 320	-982 320
Grunnerverv						8 624		8 624	-8 624
Kjøp av tenester frå andre				30 375				30 375	-30 375
Meirverdiavgift				27				27	-27
								0	0
Sum Utg./kostnader	3 800 000			4 206 452	613 379	11 244	3 800 000	4 831 075	-1 031 075
Inntektsartar:									
Bruk av lånemidler	-3 800 000			-4 207 722	-613 379	-11 244	-3 800 000	-4 832 345	1 032 345
Overførte driftsmidler				1 270				1 270	-1 270
Sum inntekter	-3 800 000			-4 206 452	-613 379	-11 244	-3 800 000	-4 831 075	1 031 075
Nettoutgifter	0			0	0	0	0	0	0
Meirkostnad i høve sum vedtekte budsjettt									* 1 031 075

* meirforbruket er finansiert med ubrukte lånemidler på VAR området.

Dato: 27.10.14

Signatur:



Økonomisjef

Rådmann



Sluttrapport

Prosjektnamn: Bulandet vassverk **Prosjektnr.** 2110

Politiske vedtak (Saksnr./Dato for vedtak):

Formannskapet : 080/11 01.12.11

Kommunestyret : 006/11 28.03.11

Startdato: 01.04.2011

Sluttdato: 2013 (Oppmåling og grunnkjøp)

Oppsummering:

Historikk:

Oppsummering: Utbygging av Bulandet vassverk kom i stand ved eit hastevedtak i kommunestyret K-sak 006/11 etter at reinseanlegget braut i hop vinter 2011. Kapasiteten ved anlegget var òg for liten i forhold til behovet til innbyggjarane i Bulandet og Bulandet fiskeindustri. Det vart engasjert ekstern konsulent som prosjektleiar for investeringsprosjektet.

- Målet for utbygginga:
1. Redusere forbruk og lekkasjar
 2. Montere vassmålarar for kontroll av forbruk/lekkasje
 3. Installere nytt reinseanlegg med auka kapasitet frå 6m³/time til 17m³/time
 4. Auke kapasiteten på reintvassbasseng frå 250 til 500 m³
 5. Utbetring av utstyr for overvaking og kontroll
 6. Auka pumpekapasitet for overføring av vatn frå Duvatn i Værlandet til basseng på Langøy i Bulandet.
 7. Auke volumet på vassmagasinet på Langøy.

Evaluering:

Punkt 1 - 5 vart gjennomført etter planen. Det synte seg at det nye reinseanlegget tok større plass enn det gamle, og det måtte byggast eit tilbygg til huset. På grunn av auka kostnader vart det gjort følgjande vedtak formannskapssak FOR-080/11 1. *Formannskapet tek orientering om framdrift og økonomi for prosjekt med utviding av Bulandet vassverk til vitande.*

2. *Det ekstraordinære prosjektet med utviding av vassverket vert avslutta når det nye reinseanlegget er sett i ordinær drift i desember 2011.*

3. *Arbeid med koplingsstasjon og utviding av basseng og pumpekapasitet vert starta opp som eit nytt ordinært prosjekt innanfor Var-området si investeringsramme i 2012.*

Investeringsprosjektet har gitt stabil vassforsyning i Bulandet. Overforbruket vart finansiert med ordinære investeringsmidlar innanfor VAR-området.

Økonomi:

Vedtatt ramme: 3,8 mill

Kommunestyresak :006/11

Oppfinansiering:

Formannskapet:080/11

Endeleg kostnad: kr.4.831.075

Meirforbruk: kr.1.031.075

Dato: 27/10-14

Signatur: 

SEKOM-sekretariat

Saksgang Askvoll kontrollutval	Møtedato 05.12.2014	Saksnr 035/14
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-	Arkivsaknr.: 14/228
---	----------------------	-------------------------------

Oppfølgingsliste 5-2014

Vedlegg:

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering.

Saksutgreiing:

Status over saker som er handsama i kontrollutvalet og som utvalet skal følgje opp eller sjekke ut seinare.

Sak	Dato	Status
020/09 Kontrollutvalsarbeid - tiltak	10.12.09	Vedtak: - Orientering frå administrasjonen - Tertialrapportar - Tilsynsrapportar frå fylkesmannen - Orientering frå revisor - Kvalitetsrapportar frå revisor.
Sak 03/14 Møteplan 2014 for kontrollutvalet i Askvoll	31.1.2014	Vedtak: Møteplan for kontrollutvalet i Askvoll for 2014 vert godkjent, med følgjande vidare datoar: 10. april, 19. mai, 18. september og 5. desember.
11/14 Forvaltningsrevisjonsrapport – innkjøpsfunksjonen – Askvoll kommune	10.4.2014 10.4.2014 21.5.2014	Kontrollutvalet si tilråding til kommunestyret: 1. Forvaltningsrevisjonsrapporten – Innkjøpsfunksjonen – Askvoll kommune vert teke til orientering. 2. Rådmannen informerer kontrollutvalet seinast på siste møte i 2014 om kva administrasjonen har gjort for å følgje opp funna i forvaltningsrevisjonsrapporten. Sendt Askvoll kommune. Handsama i kommunestyret, sak KOM-031/14
12/14 Nettbrett til kontrollutvalet i Askvoll	10.4.2014 10.4.2014 19.5.2014	Vedtak: Kontrollutvalet får tildelt nettbrett. Kontrollutvalet får naudsynt opplæring for å ta i bruk nettbrett. Sendt Askvoll kommune Vart nettbrett utdelt på møte, SEKOM-sekretariat fekk dei med

	18.9.2014	seg og leverte dei til SYSIKT for innlegging av pdf-expert. Fekk nettbretta tilbake i juni, og kvar enkelt må legge dette inn sjølv. Opplæring/gjennomgang i samband med møte																					
023/14 Forvaltningsrevisjon – val av prosjekt	18.9.2014 25.9.2014 18.11.2014	Vedtak: 1. Kontrollutvalet tingar, Kontroll av sjølvkostberekningar VA-sektoren, som neste forvaltningsrevisjonsrapport av KRYSS-revisjon. - Formålet er å få kjennskap til om sjølvkostberekningane på VA-sektoren samsvarar med gjeldande regelverk for desse tenestene, og at innbyggjarane betaler rett pris for desse tenestene. - Kontrollen skal avgrensast til kontroll av rekneskapstala for 2014 for VA-sektoren og kontroll av budsjettgrunnlaget for fastsetjing av betalingssatsane for 2015. - Leveringsfrist 1. mai 2015. 2. KRYSS-revisjon vert kalla inn til neste møte 5. desember 2014, for å gje tilbakemelding på tinginga, og legge fram plan for forvaltningsrevisjonsprosjektet. Sendt til KRYSS Revisjon. Fått prosjektplan frå KRYSS Revisjon.																					
025/14 Eventuelt	18.9.2014 25.9.2014 19.11.2014 24.11.2014	Vedtak: Kontrollutvalet ber om å få tilsendt svar som vert gitt til Fylkesmannen sin tilsynsrapport om skulen sitt arbeid med elevane sitt psykososiale miljø datert 7.8.2014. Rådmannen vert kalla inn på neste møte i kontrollutvalet 5. desember for å informere om kva som er gjort i forhold til dette. Sendt til Askvoll kommune/rådmannen. Sendt ny førespurnad til Askvoll kommune/rådmannen. Fekk tilsendt svarbrev til Fylkesmannen frå Askvoll kommune																					
026/14 Budsjett for kontrollutvalet i Askvoll 2015	18.9.2014 25.9.2014	Vedtak: Kontrollutvalet tilrår følgjande budsjett for drift av kontrollutvalet på teneste 11051: <table><tr><td>Konto</td><td></td><td>B 2015</td></tr><tr><td>10800</td><td>Godtgjerlse folkevalde</td><td>28 000</td></tr><tr><td>10990</td><td>Arbeidsgjevaravgift</td><td>3 000</td></tr><tr><td>11500</td><td>Opplæring, kurs/seminar</td><td>20 000</td></tr><tr><td>11600</td><td>Skyss- og kostgodtgjerlse</td><td>2 500</td></tr><tr><td>11959</td><td>Kontigentar</td><td>1 300</td></tr><tr><td colspan="2">Samla drift</td><td>54 800</td></tr></table> Sendt til Askvoll kommune/rådmannen/økonomisjef.	Konto		B 2015	10800	Godtgjerlse folkevalde	28 000	10990	Arbeidsgjevaravgift	3 000	11500	Opplæring, kurs/seminar	20 000	11600	Skyss- og kostgodtgjerlse	2 500	11959	Kontigentar	1 300	Samla drift		54 800
Konto		B 2015																					
10800	Godtgjerlse folkevalde	28 000																					
10990	Arbeidsgjevaravgift	3 000																					
11500	Opplæring, kurs/seminar	20 000																					
11600	Skyss- og kostgodtgjerlse	2 500																					
11959	Kontigentar	1 300																					
Samla drift		54 800																					

SEKOM-sekretariat

Saksgang Askvoll kontrollutval	Møtedato 05.12.2014	Saksnr 036/14
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-	Arkivsaknr.: 14/332
---	----------------------	-------------------------------

Eventuelt

Vedlegg:

Ingen vedlegg i saka.

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).